

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK XI 218



MEIERIBRUKET
I N O R E G
1953

Norway's Dairy Industry 1953

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1956

Norges offisielle statistikk, rekke XI

Norway's Official Statistics, series XI

Rekke XI

Trykt 1954

- Nr. 178 Kriminalstatistikk 1951 og 1952 *Criminal statistics*
- 179 Statistikk over landssvik 1940—1945 *Statistics on treason and collaboration*
- 180 Stortingsvalget 1953 *Storting elections*
- 181 Meieribruket i Noreg 1952 *Norway's dairy industry*
- 182 Dødelighetstabeller 1946—1950 *Life tables according to the mortality experiences*
- 183 Statistisk årbok 1954 *Statistical yearbook of Norway*
- 184 Sinnssykehusenes virksomhet 1952 *Hospitals for mental disease*
- 185 Nasjonalregnskap 1938 og 1948—1953 *National accounts*
- 186 Fagskolestatistikk 1950—51 og 1951—52 *Ecoles professionnelles*
- 187 Norges elektrisitetsverker 1951 *Electricity plants*
- 188 Norges handel 1952 Del II *Foreign trade of Norway Part II*
- 189 Lønnsstatistikk 1953 *Wage statistics*

Rekke XI

Trykt 1955

- Nr. 190 Økonomisk utsyn over året 1954 *Economic survey*
- 191 Folkemengdens bevegelse 1952 *Vital statistics and migration statistics*
- 192 Veterinærvesenet 1952 *Service vétérinaire*
- 193 Alkoholstatistikk 1953 *Alcohol statistics*
- 194 Syketrygden 1952 *Assurance-maladie nationale*
- 195 Folkemengden i herreder og byer 1. januar 1954 *Population in rural districts and towns*
- 196 Sunnhetstilstanden og medisinalforholdene 1952 *Medical statistical report*
- 197 Norges bergverksdrift 1953 *Norway's mining industry*
- 198 Telegrafverket 1953—54 *Télégraphes et téléphones de l'Etat*
- 199 Skattestatistikk 1953—54 *Tax statistics*
- 200 Norges postverk 1954 *Statistique postale*
- 201 Forsikringselskaper 1953 *Société d'assurances*
- 202 Jordbruksstatistikk 1954 *Agricultural statistics*
- 203 Kommunenes gjeld og kontantbeholdning m. v. 1954 *Municipal debt and cash holdings etc.*
- 204 Norges handel 1953 Del I *Foreign trade of Norway Part I*
- 205 Norges fiskerier 1952 *Fisheries statistics of Norway*
- 206 Norges industri 1953 *Industrial production statistics*
- 207 Kriminalstatistikk 1953 *Criminal statistics*
- 208 Bankstatistikk 1953 *Banking statistics*
- 209 Norges elektrisitetsverker 1952 *Electricity plants*
- 210 Forbruket av trevirke på gårdene 1952/53 *Consumption of wood on farms*
- 211 Norges jernbaner 1951—52 *Chemins de fer norvégiens*
- 212 Statistisk årbok 1955 *Statistical yearbook of Norway*
- 213 Alkoholstatistikk 1954 *Alcohol statistics*
- 214 Sinnssykehusenes virksomhet 1953 *Hospitals for mental disease*
- 215 Norges handel 1953 Del II *Foreign trade of Norway Part II*
- 216 Norges kommunale finanser 1950/51 og 1951/52 *Municipal finances*

NORGES OFFISIELLE STATISTIKK XI 218



MEIERIBRUKET
I N O R E G
1953

Norway's Dairy Industry 1953

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1956

Utkomen før :

Statistik angaaende det norske Jordbrug 1871—1875 og Jordbruk og fedrift 1876—1885, 1886—1890, 1891—1895, 1896—1900, 1901—1905, 1906—1910, 1911—1915 og 1916—1920.

Meieribruket i Norge 1925 VIII nr. 31, 1926 VIII nr. 58, 1927 VIII nr. 83, 1928 VIII nr. 117, 1929 VIII nr. 152, 1930 VIII nr. 179, 1931 IX nr. 6, 1932 IX nr. 28, 1933 IX nr. 50, 1934 IX nr. 72, 1935 IX nr. 98, 1936 IX nr. 124, 1937 IX nr. 150, 1938 IX nr. 180, 1939 X nr. 6, 1940 X nr. 31, 1941 X nr. 57, 1942 X nr. 82, 1943 X nr. 90, 1944 X nr. 110, 1945 X nr. 138, 1946 X nr. 153, 1947 X nr. 173, 1948 XI nr. 12, 1949 XI nr. 45.

Meieribruket i Noreg 1950 XI nr. 94, 1951 XI nr. 121, 1952 XI nr. 181.

FØREORD

Statistikken over meieridrifta i Noreg byggjer på årsoppgåver som er innsamla beinveges frå kvart einskilt meieri.

Fyrste meldinga om dette: «Meieribruket i Norge 1925» N. O. S. VIII. 31 har i innleiinga på side 2 eit oversyn over tidlegare meieristatistikk og ei utgreiing om kva som var gjort for å byggja ut denne statistikken. Seinare har ein i kvar årgang sagt frå om dei endringane som har vorti gjorde i skjemaet.

Gjeldande offentlege vedtak som vedkjem meieridrifta, anten produksjon eller prisar, har ein så langt råd er nemnt i dei einskilde årgangane og under dei bolkanane der vedtaka naturleg høyrer til.

Arsskjemaet for 1953 er omarbeidd. Serleg gjeld dette årsoppgåvene for dei økonomiske tilhøva og sysselsetjinga. Statistikken er difor og omarbeidd og mykje meir spesifisert enn før for desse to avsnitta.

Statistikken over investeringane er som før. Av nye ting har ein teki med oppgåver over parts- og realkapital ved meieria ved utgangen av 1953. Vidare er det innhenta særskilde oppgåver over det maskinelle utstyret ved utgangen av 1953.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 28. september 1955.

Petter Jakob Bjerve.

Arne L. Aaseth.

INNHOOLD

Oversyn.	Side
I. Det statistiske materialet	9
II. Omfanget av meieridrifta, vanlege driftsvilkår og driftsresultat	9
1. Meieria og kvar dei ligg	9
2. Leverandørar og parthavarar ved meieria og talet på mjølke- kyr og mjølkegeiter hos dei	10
3. Personale og driftstid ved meieria	11
4. Innvegen mjølkemengd og retur av skumamjolk og myse m. v.	12
5. Feittinnhaldet i mjølka. Reduktaseprøver. Oppgjer. Inndeling av meieria etter storleik	14
6. Produksjon av smør, ost og mysost	16
7. Sal av mjolk og fløyte til konsum	18
8. Mjolk nytta i industrien	18
9. Mjølkeomsetnad utanom meieria	20
10. Mjølkemengda fordelt etter måten mjølka er nytta på	21
11. Dei økonomiske resultatata	22
a) Prisar	22
b) Statstilskota til mjølkeproduksjonen	23
c) Driftsresultatet	25
Bruttovinning	27
Driftsutgifter	27
Nettovinning	29
12. Meieria grupperte etter produksjon	34
III. Driftsforma ved dei einiskilde meieria	34
1. Mjølkesalsmeieri	35
2. Samlestasjonar	37
3. Smørmeieri	38
4. Fløytemeieri	40
5. Sætermeieri	42
6. Mysostkokeri	42
7. Gamalostysteri	44
8. Meieri med blanda drift	44
a) Meieri med meir enn 50 % mjølkesal	44
b) Meieri med 25 til 50 % mjølkesal	45
c) Meieri med mindre enn 25 % mjølkesal	46
9. Hovudtal for produksjonsgruppene	47
IV. Investeringar i meieridrifta	49
V. Partskapital og realkapital ved meieria ved utgangen av 1953	50
VI. Det maskinelle utstyret ved utgangen av 1953	52
VII. Samla produksjon av kumjolk og geitemjolk	65
Samandrag på engelsk	67
Tabellar.	
I. Meieria delte på grupper etter produksjon	70
II. Meieria, kvar dei ligg, tida dei var i drift, mjølkemengd og personar pr. meieri	71
III. Personale ved meieria i 1953	72
IV. Innvegen mjolk frå eigne leverandørar og frå andre meieri	73
V. Retur, oppføring og sal av skumamjolk, saup og myse	74
VI. Feittinnhaldet i mjølka. Oppgjer. Meieria inndelte etter mjølkemengd	75
VII. Talet på reductaseprøver etter skilde klasser	76
VIII. Produksjon av smør, ost og mysost	77
IX. Sal av mjolk og fløyte til konsum	79
X. Mjolk og fløyte nytta i industrien	80

	Side
XI. Bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning ved meieria i 1953	81
XII. Driftsutgiftene ved meieria delte på dei einskilde utgiftspostane i 1953	82
XIII. Nettovinning av mjølka, utbetalt leverandørane m. v. i 1953	84
XIV. Samla mjølkeomsetnad. Kva mjølka er nytta til og økonomisk resultat av drifta for kvart einskilt meieri i 1953	86
XV. Utgifter til utstyr av alle slag, hus, byggjearbeid o. a. i 1953	98
XVI. Utgifter til vøling i 1953	100
XVII. Partskapital og realkapital ved utgangen av 1953	101
XVIII. Damp- og varmeverk, kraftmaskinar og kjøleanlegg ved utgangen av 1953	102
XIX. Transportmiddel ved utgangen av 1953 og forbruk av bensin, brensel og elektrisitet i 1953	104
XX. Meierimaskinar ved utgangen av 1953	106
Vedlegg 1	112
Vedlegg 2	119
Vedlegg 3	121

CONTENTS

	Page
General survey.	9
I. Source for statistical data	9
II. General survey of the dairy industry	9
1. Dairies and their location	9
2. Number of suppliers, partners, milk cows and milk goats	10
3. Number of employees and periods of operation	11
4. Volume of milk weighed in and volume of skimmed milk and whey returned to producers	12
5. Fat content of milk, tests of reductase, basis of payment to producers and classification of dairies by volume of milk weighed in	14
6. Production of butter, cheese and whey cheese	16
7. Sale of milk and cream by dairies to consumers	18
8. Milk consumption in food manufacturing industries	18
9. Sale of milk directly from producers to consumers	20
10. Utilization of milk	21
11. Economic conditions	22
a) Prices	22
b) Government subsidies on milk	23
c) General operating results	25
Gross income	27
Operating expenses	27
Net income	29
12. Dairies grouped by principal type of dairy products	34
III. Survey of special types of dairies	34
1. Dairies selling milk	35
2. Milk receiving stations	37
3. Dairies producing butter	38
4. Creameries	40
5. Dairies getting all their milk from mountain dairy farms	42
6. Dairies producing whey cheese	42
7. Dairies producing «gamalost» (old Norwegian cheese)	44
8. Dairies producing a variety of products	44
a) Dairies selling more than 50 % of their production as milk	44
b) Dairies selling 25 to 50 % of their production as milk	45
c) Dairies selling less than 25 % of their production as milk	46
9. Principal data for these production groups	47
IV. Investments in dairy industry	49
V. Share capital and real capital at the end of 1953	50
VI. Machinery in dairy industry at the end of 1953	52
VII. Total production of cow milk and goat milk	65
Summary	67
Tables.	
I. Classification of dairies according to production	70
II. Dairies and their geographical location, length of time in operation, volume of milk and number of employees by dairy	71
III. Employed persons in 1953	72
IV. Volume of milk weighed in directly from producers and from other dairies	73
V. Volume of skimmed milk and whey returned to producers and sale for feed	74
VI. Fat content of milk, basis of payment to producers and classification of dairies by volume of milk weighed in	75

	Page
VII. Test of reductase by classes	76
VIII. Production of butter, cheese and whey cheese	77
IX. Sale of milk and cream to consumers	79
X. Milk and cream consumption in food manufacturing industries ...	80
XI. Gross income, operating expenses and net income in 1953	81
XII. Operating expenses grouped by items of expenditure	82
XIII. Net income of milk, paid out to producers, etc.	84
XIV. Total sales of milk and milk products and operating results for each dairy during 1953	86
XV. Expenditures for various kinds of equipment, dwellings, and other building and construction, etc.	98
XVI. Expenditures for repairs	100
XVII. Share capital and real capital at the end of 1953	101
XVIII. Steam and heating machinery, engines and cold storage at the end of 1953	102
XIX. Transport equipment at the end of 1953 and use of petrol, fuel and electricity in 1953	104
XX. Dairy-machines at the end of 1953	106
Appendix 1	112
Appendix 2	119
Appendix 3	121

OVERSYN

I. Det statistiske materialet.

For 1953 som for tidlegare år har ein samla inn detaljerte oppgåver for kvart einskilt meieri i heile riket. Frå 1939 til og med 1952 har oppgåveskjemaet stort sett vori det same. For 1953 vart det så omarbeidd og utvida slik at statistikken no t. d. kan gjeva betre opplysningar om sysselsettinga og om kvaliteten av mjølka. Nye spørsmål om inntekta av anna verksemd enn meieridrift er teki med, og i oppgåva over utbetalte mjølkepengar har ein fått serlege oppgåver om dei ymse stats-tilskota på mjølka. Fristen for innsendinga av skjema var 1. april 1954. Dårleg utfylte oppgåver har ein supplert med førespurnad hos dei meieria det gjeld og ved samanlikning med oppgåvene frå tidlegare år.

Utanom årsoppgåvene er det kvar månad samla inn rapportar frå dei fleste meieri med sjølvstendig drift. Rapportane femner om mjølkemengd, produksjon og lager på meieria ved utgangen av kvar månad. For 1953 fekk ein månadsrapportar frå 259 meieri med så å seia all mjølk som var innvegen ved meieria. Resultatet av månadsstatistikken blir prenta i Statistiske meldinger. Eit samandrag for 1953 er prenta i Statistiske meldinger 1954 nr. 3.

II. Omfanget av meieridrifta, vanlege driftsvilkår og driftsresultat.

1. Meieria og kvar dei ligg.

For 1953 har ein oppgåver frå 269 meieri (produksjons-, mjølkesals- og sætermeieri), 162 samlestasjonar og 3 kondenseringsfabrikkar. I alt 434 verksemder. Tal for dei einskilte fylka har ein i tabell I og II.

I dei fylgjande oppgåvene er kondenseringsfabrikkane tekne med berre der ein har sagt serskilt frå om det. Tabell I viser kva slags drift meieria har og korleis dei er spreidde på fylka. Tabell 1, som går tilbake til 1900, viser kor mange av dei som ligg i bygder og byar.

Tabell 1. Talet på meieria og kor dei ligg.

År	Meieri i alt	Av dei ligg i		År	Meieri i alt	Av dei ligg i	
		bygder	byar			bygder	byar
1900	845	784	61	1945	548	486	62
1910	738	675	63	1950	465	409	56
1920	544	480	64	1951	455	395	60
1930	639	567	72	1952	442	382	60
1939	599	534	65	1953	431	371	60

Nedgangen i talet på meieri i bygdene heng fyrst og fremst saman med arbeidet for å sentralisera og rasjonalisera meieridrifta. Dei mange småmeieria er etter kvart slegne saman til større meieri. I statistikken for 1947 og i eldre årgangar er det nemnt meir om dette.

2. Leverandørar og parthavarar ved meieria og talet på mjølkekyr og mjølkegeiter hos dei.

Leverandørane eig no alle meieria, og dei driv dei sjølve. Spørsmåla i skjemaet om eigedomstilhøva og bortpaktning er difor sløyfa frå 1953. Tidlegare oppgåver om eigedomstilhøva viser at leverandørane alltid har ått storparten av meieria og sjølve stått for drifta. Sjå statistikken for 1935 og 1952.

Tabell 2. Leverandørar og parthavarar ved meieria 1952 og 1953 og mjølkekyr og mjølkegeiter hos dei.

Fylke	Leverandørar				Mjølkekyr				Mjølkegeiter	
	1952		1953		1952		1953		1953	
	I alt	Av dei part-havarar	I alt	Av dei part-havarar	I alt	Hos part-havarar	I alt	Hos part-havarar	I alt	Hos part-havarar
Østfold	5 085	4 824	5 098	4 770	37 928	36 435	37 687	36 667	—	—
Akershus og Oslo	5 115	4 866	5 133	4 759	37 266	35 550	35 358	32 738	—	—
Hedmark	11 082	8 657	10 908	8 576	49 047	40 574	47 248	38 612	5 191	3 101
Oppland	12 613	8 783	12 337	8 684	66 350	55 787	64 478	55 094	19 041	16 871
Buskerud	5 124	4 039	5 281	4 075	31 647	26 959	29 051	25 938	1 174	906
Vestfold	3 815	3 196	3 826	3 220	22 872	19 705	21 614	17 946	—	—
Telemark	4 390	4 023	4 661	4 184	18 208	16 692	17 365	16 206	800	700
Aust-Agder	3 454	2 635	3 565	2 718	10 317	8 595	9 880	8 273	—	—
Vest-Agder	5 780	5 429	5 561	5 338	18 127	16 528	18 032	16 735	—	—
Rogaland	10 028	9 210	10 297	9 321	58 771	55 679	59 320	55 634	638	628
Hordaland og Bergen	9 132	8 268	9 860	8 027	34 766	33 023	33 803	28 749	4 485	3 380
Sogn og Fjord...	5 613	3 741	7 272	5 131	24 572	17 852	29 955	22 713	3 081	2 386
Møre og Romsdal	12 407	10 011	12 526	10 306	53 198	43 646	50 420	41 319	4 622	4 481
Sør-Trøndelag ..	5 775	4 839	6 981	5 763	29 631	26 467	34 042	30 276	482	300
Nord-Trøndelag.	6 625	5 684	6 937	6 024	32 741	30 479	34 108	31 030	3 384	2 899
Nordland	8 465	6 883	9 088	7 169	24 954	21 117	25 701	21 372	2 758	1 880
Troms	6 362	5 512	6 554	5 670	19 809	17 802	19 596	17 473	5 639	4 568
Finnmark	871	640	1 183	758	1 800	1 442	2 207	1 694	—	—
Riket	121 736	101 240	127 068	104 493	572 004	504 332	569 865	498 469	51 245	42 100

Talet på leverandørar auka frå 121 736 i 1952 til 127 068 i 1953 eller med 4.4 prosent, og talet på parthavarar auka frå 101 240 i 1952 til 104 493 eller med 3.2 prosent. Tala for dei einskilde fylka viser nedgang berre for Hedmark, Oppland og Vest-Agder.

Talet på mjølkekyr i 1953 (ca. 1. juli) hos leverandørane var oppgjevi til 569 865, og av dei hadde parthavarane 498 469 eller 87.5 prosent, medan det ved utgangen av 1952 var 572 004 leverandørar, og av dei var 504 332 parthavarar eller 88.2 prosent. Det er nedgang i talet på mjølkekyr i alt i alle fylka på Austlandet, Opplandene og Sørlandet. Like eins er det nedgang i Hordaland, Møre og Romsdal og Troms. Elles er tala auka. Det er sterkast auking i Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag.

Talet på mjølkegeiter har auka frå 49 309 ved utgangen av 1952 til 51 245 pr. 1. juli 1953. Av desse hadde parthavarane 42 100 eller 82.2 prosent.

3. Personale og driftstid ved meieria.

I skjemaene til meieristatistikken for 1953 er oppgåvene over sysselsettinga spesifisert mykje meir enn før. Samstundes har ein og teki med alle personar som var sysselsette ved dei verksemdar som var knytt til meieria og ikkje berre dei personar som trengtes for sjølve meieridrifta. Såleis har ein med personar ved mjølkeutsal, transport og anna verksemd. I oppgåvene til og med 1952 skulle ein berre ta med personar som trengtes for sjølve meieridrifta. Statistikken for 1953 har såleis med fleire sysselsette personar enn tidlegare, og ein kan difor ikkje samanlikna oppgåva for 1953 direkte med oppgåvene for tidlegare år.

I 1953 var det sysselsett 6156 personar ved meieria i alt. Tabell 3 viser korleis desse var spreidd på hovudgrupper.

Tabell 3. Personale ved meieria 1953.

	Menn	Kvinner	I alt
Ved meieriet	2 057	1 115	3 172
» kontoret	346	393	739
» mjølkeutsal	35	940	975
» transport	723	9	732
» anna verksemd	355	183	538
I alt	3 516	2 640	6 156
Av desse med meieriutdanning	622	392	1 014

Oppgåver over personale ved meieria delt på fylka er inntekne i tabell III.

I tabell 4 har ein oppgåver over personalet ved meieria frå 1910 til 1953. Som før nemnd skulle ein til og med 1952 berre ta med i statistikken dei personar som trengtes for meieridrifta. Det svarar nærast til dei som er sysselsette ved meieriet og på kontoret. Samanlikning mellom 1952 og 1953 viser at ein i oppgåvene for 1952 og tidlegare år likevel må ha teki med for mange personar i 1952, truleg mesta 600 menn og 400 kvinner. Etter spesifiseringa for 1953 går ein ut frå at desse var sysselsette ved transport og mjølkeutsal.

Tabell 4. Personalet ved meieria i alt og dei med meieriutdanning.

År	Menn	Kvinner	I alt	Med meieriutdanning	
				Menn	Kvinner
1910	1 021	1 710	2 731	—	—
1920	1 237	1 519	2 756	—	—
1930	1 672	1 613	3 285	—	—
1935	1 878	1 680	3 558	420	453
1940	1 936	1 592	3 528	474	439
1945	1 711	1 232	2 943	487	375
1947	1 974	1 448	3 422	518	363
1948	2 022	1 502	3 524	498	365
1949	2 362	1 643	4 005	544	384
1950	2 607	1 602	4 209	576	380
1951	2 601	1 633	4 234	596	380
1952	2 950	1 849	4 799	592	377
1953	3 516	2 640	6 156	622	392

I 1953 var det i medeltal 12,8 personar for alle produksjons- og mjølkesalsmeieri og 3,4 personar i medeltal pr. 1 mill. kg mjølk. I desse tala har ein berre rekna med dei som var sysselsette ved meieriet og kontoret.

Av dei 431 meieria som var i drift i 1953, dreiv 413 heile året, 3 hadde ei driftstid frå 9—11 månader, 8 ei driftstid frå 6—9 månader, medan 7 hadde stuttare driftstid enn 6 månader. I tabell II er oppgåvene over personar i medeltal og driftstida for kvart meieri delt etter fylker.

4. Innvegen mjølkemengd og retur av skumamjølk og myse m. v.

Ein skil mellom mjølk innvegen frå eigne leverandørar og mjølk frå andre meieri. Omfram oppgåvene over skumamjølk, saup og myse i retur til leverandørane, har ein og oppgåver over skumamjølk, saup og myse som er seld til andre (til fôr), fôra opp på meieriet og unytta myse. Når oppgåvene frå eit meieri ikkje skil mellom skumamjølk og saup, har ein ført samla mengd av desse produkta i rubrikken for

skumamjølkk. Ved omrekning av mjølkemengda frå liter til kg har ein dividert litertalet med 0.97 (dvs. spesifikk vekt = 1.0309). For tidlegare år vart det nytta ei spesifikk vekt på 1.032.

Den innvegne mjølkemengda ved meieria og kondenseringsfabrikkane i 1953 var 1 036 105 627 kg kumjølkk, 15 441 667 kg geitemjølkk og 1 743 607 kg fløyte som etter feittinnhaldet svarar til 12 683 804 kg heilmjølkk. Ein har då rekna med eit medels feittinnhald på 3.80 prosent og eit feittsvinn ved skuminga på 0.10 prosent.

I 1953 var altså samla innvegen mengd av kumjølkk, geitemjølkk og fløyte omrekna til heilmjølkk 1 064 231 098 kg mot 997 083 989 kg i 1952. I medeltal for 1937/39 var det innvegen 713 048 229 kg. Medan innvegen mjølkemengd minka med 9686 tonn, eller snaue 1 prosent frå 1951 til 1952, var det ein auke på 67 147 tonn, eller 6.7 prosent frå 1952 til 1953. Av den innvegne mjølkemengda i 1953 var 12 272 465 kg levert direkte til kondenseringsfabrikkane mot 12 596 361 kg i 1952. Fylkestala for innvegen mjølkk og fløyte er inntekne i tabell IV.

Oppgåvene i månadsmeldingane syner innvegen mjølkemengd frå månad til månad. Ein merkjer seg at månadstala for innvegen mjølkkemengd i 1953 ligg tydeleg høgare enn i året 1952 undanteki november og desember som syner litt nedgang. Elles syner månadstala same sesongskifte som før.

Tabell 5. Innvegen mjølkemengd i tonn etter månadsmeldingane.

Månad	1947	1948	1949	1950	1951	1952	1953
Januar	45 030	47 357	57 232	70 888	71 868	69 508	77 769
Februar	39 526	44 569	56 310	69 027	70 387	68 338	74 020
Mars	47 684	53 816	69 726	85 259	82 427	80 695	92 079
April	58 325	69 289	81 259	91 597	97 246	91 047	105 624
Mai	69 230	79 563	95 681	106 125	105 059	107 794	117 287
Juni	70 271	81 709	95 055	106 628	109 401	109 476	120 050
Juli	65 306	71 413	82 939	95 188	103 238	99 265	103 618
August	57 401	64 275	78 179	86 924	89 381	84 898	92 970
September	52 493	57 145	69 433	76 746	74 421	76 828	79 458
Oktober	47 274	51 522	63 435	65 136	68 539	66 473	67 343
November	43 007	49 847	60 376	60 186	60 208	62 516	61 574
Desember	46 380	53 252	65 463	63 750	63 558	71 729	67 094
Sum	641 927	723 757	875 088	977 454	995 733	988 567	1 058 886

Noko av den mjølka som vart levert beinvegnes til kondenseringsfabrikkane er ikkje med i månadsmeldingane. Sume småmeieri er heller ikkje med, men i alt er det mindre enn 1 prosent som ikkje er med i månadsmeldingane.

Omsetnad av mjølkk mellom meieria går for det meste frå samlestasjonar til dei store sentralmeieria. I dei seinare åra har likevel bymeieria i stor mon fått mjølkk — suppleringsmjølkk — frå andre meieri

for å dekkja krava på mjølk til konsum. Statistikken skil ikkje mellom mjølk motteken frå samlestasjonar og produksjonsavdeling og mjølk motteken frå andre meieri. I 1953 gjeld dette engrossalet i alt 145 878 tonn heilmjølk, 6124 tonn skumamjølk, 38 tonn fløyte og 8050 tonn krem. I 1952 var engrossalet i alt 150 507 tonn heilmjølk, 5216 tonn skumamjølk, 2 tonn fløyte og 6395 tonn krem.

Retur av skumamjølk til leverandørane var i 1953 257 753 tonn mot 201 728 tonn i 1952, retur av saup 13 060 tonn i 1953 mot 10 187 tonn i 1952, og retur av myse var 69 790 tonn i 1953 mot 67 144 tonn i 1952. Om lag 3.6 prosent av skumamjølka og saupet og berre 0.5 prosent av mysa var returnert gratis. I tabell V er det innteki oppgaver for dei einskilde fylka over retur, oppføring og sal av magermjølk og myse til fôr.

Utanom retur kjem magermjølk etter fløyte levert beinveges til meieria. For 1953 er mengda av denne magermjølka rekna til 9871 tonn mot 12 922 tonn i 1952. Det er då teki omsyn til svinn ved skuminga. På side 33 er det innteki eit oversyn over korleis gratis returnert magermjølk og magermjølk etter innvegen fløyte er fordelt på fylka.

5. *Feittinnhaldet i mjølka. Reduktaseprøver. Oppgjer. Inndeling av meieria etter storleik.*

Gransking av feittinnhaldet i mjølka er fast regel ved alle meieri. Tabell VI syner resultatata for dei einskilde meieria og for heile riket.

Medelfeittinnhaldet i kumjølka har auka jamt i dei seinare åra. Det var 3.95 prosent i 1953 mot 3.91 i 1952 og 3.76 i 1948. Rogaland hadde høgste feittprosenten med 4.14 og Troms den lægste med 3.73. 278 meieri av 430 hadde mellom 3.76 og 4.00 prosent feitt i mjølka. Vidare var det tre gonger så mange meieri med 4.01 og meir i feittprosent enn med 3.75 og mindre.

Feittprosenten i geitemjølka skiftar mykje meir enn i kumjølka. Medeltalet for heile landet var 3.36 i 1953 mot 3.37 i 1952. For Austlandet med Telemark var medelfeittprosenten i geitemjølk 3.55. For Vestlandet var han 3.61, i Trøndelag 3.13, men berre 2.79 i Nord-Noreg.

Føresetnaden for utbetaling av statstilskot på mjølka har sidan 1. januar 1940 vore at det ved oppgjer med leverandørane var gjennomført kvalitetsbetaling etter reduktaseprøver (prøve på bakterieinnhaldet i mjølka). Mjølka skal granskast minst fire gonger i månaden og alt etter utfallet av granskinga blir mjølka delt i fire klasser med den beste mjølka i klasse 1 og den dårlegaste i klasse 4. Ved månadsoppgjeret for mjølka får dei leverandørar som har levert mjølk med dårleg kvalitet, ein reduksjon i utbetalingsprisen pr. kg mjølk. Denne pris-

reduksjon er fastsett føreåt og har i 1953 mest vanleg vore 0.2 øre for klasse 2, 1.0 øre for klasse 3 og 2.0 øre for klasse 4, men satsane skiftar noko frå meieri til meieri. Serleg gjeld dette for mjølk som går i klasse 4. I nokre fall er det her nytta eit trekk i mjølkeprisen på inntil 9 øre pr. kg. Nokre meieri har og nytta trekksatsar som aukar etter kor mange gonger i månaden mjølka til vedkomande leverandør har «gått i klasse».

1953 er fyrste året ein har innhenta oppgåver over resultatata av reduktaseprøvinga. Ein vantar oppgåver frå om lag 10 prosent av meieria, men desse er spreidde over heile landet slik at dei oppgåvene ein har likevel syner skilnaden mellom fylka. I alt har ein fått inn oppgåver over 3 622 801 reduktaseprøver. Av desse fell 80.8 prosent på klasse 1, 14.6 prosent på klasse 2, 3.2 prosent på klasse 3 og 1.4 prosent på klasse 4. Sør-Trøndelag, Akershus, Nord-Trøndelag og Hordaland har dei høgste, og fylka i Nord-Noreg, Sogn og Fjordane og Vest-Agder har dei lægste prosenttala i klasse 1. Resultata for dei einskilde fylka er inn-tekne i tabell VII.

Oppgjer for mjølka etter feittinnhaldet har i 1953 vori gjennom-førd ved 424 meieri, og av desse har 397 betalt etter differens 0.8 øre pr. 0.1 prosent feitt.

Tabell 6. Meieria etter innvegen mjølkemengd.

År	Innvegen mjølkemengd pr. år						
	Mindre enn 100 tonn	100—200 tonn	200—500 tonn	500—1000 tonn	1000—2000 tonn	2000—5000 tonn	5000 tonn og meir
1900	310	247	207	47	7	7	
1910	225	196	203	65	28	15	
1920	116	106	187	86	34	23	
1930	129	100	188	128	53	44	
1939	70	57	130	135	108	72	30
1945	103	101	165	94	47	27	8
1949	23	38	90	105	95	90	38
1950	18	31	73	107	84	112	40
1951	24	34	64	99	92	100	42
1952	23	26	57	93	93	107	43
1953	20	25	54	85	88	108	50

Inndeling av meieria etter storleik blir gjort på grunnlag av inn-vegen mjølkemengd. I tabell VI er det innteki oppgåver over storleiken av meieria i dei einskilde fylka.

6. Produksjon av smør, ost og mysost.

I 1953 var produksjonen av meierismør 12 834 tonn mot 10 246 tonn i 1952. Av kvit ost minka produksjonen frå 18 302 tonn i 1952 til 17 474 tonn i 1953, og av brun ost minka produksjonen frå 12 823 tonn i 1952 til 10 039 tonn i 1953.

Tabell 7 viser korleis produksjonen ved meieri har skifta i dei seinaste åra. Det framgår av denne at sidan 1948 har produksjonen av smør og brun ost auka med om lag 45 prosent, medan han for kvit ost er auka med om lag 150 prosent og for kasein med om lag 115 prosent.

Tabell 7. Produksjon av smør og ost i tonn.

	1939	1948	1949	1950	1951	1952	1953
Smør	17 589	8 881	10 716	11 532	11 206	10 246	12 834
Gaudaost {							
heilfeit ...	4 784	2 987	5 454	8 141	9 344	11 630	10 841
halvfeit ..	802	922	920	682	240	113	73
kvartfeit ..	—	—	1	49	—	—	—
mager	—	38	89	—	—	—	—
Nøkkelost {							
heilfeit ...	325	18	48	628	1 264	2 102	2 984
halvfeit ..	1 308	968	2 214	2 051	1 579	1 496	315
kvartfeit ..	662	47	163	449	831	270	4
mager	354	152	227	140	142	125	43
Edamost {							
heilfeit ...	537	104	114	216	313	399	957
halvfeit ..	—	45	45	5	7	—	2
Sveitsarost	522	160	176	119	164	246	284
Normannaost	252	335	438	583	691	764	856
Gamalost	274	32	135	261	237	315	362
Pultost	636	651	789	685	911	693	610
Saupost	—	419	268	28	43	18	20
Andre ostesortar	148	209	164	91	107	131	123
Kvit ost i alt	10 604	7 087	11 245	14 128	15 873	18 302	17 474
Kasein til fôr	279	4	6	97	4	21	15
Kasein til tørring	2 319	2 073	3 297	3 959	4 820	4 327	4 461
Geitost, ekte	438	455	580	737	680	726	1 096
Gudbrandsdalsost	—	—	—	266	4 525	6 180	5 687
Geitost, blanda	4 132	2 647	4 091	4 869	1 287	861	396
Fløyte- {							
heilfeit	66	78	182	1 205	4 276	3 738	2 059
mysost {							
halvfeit	1 329	1 945	3 768	3 877	2 116	906	525
Mysost	1 425	231	344	205	209	32	37
Prim	410	1 491	1 075	242	323	380	239
Brun ost i alt	7 800	6 847	10 040	11 401	13 416	12 823	10 039

Oppgåva viser vidare at det er produksjonen av dei heilfeite kvite osteslaga som har auka, medan produksjonen av dei halvfeite, kvartfeite og magre kvitostane har minka. Det einaste unnataket er produksjonen av gamalost som relativt har auka like mykje som for dei feite osteslaga. Stort sett finn ein same tendens også for brun ost med sterk

auke for dei feite osteslaga og minking for dei magre. Her merkjer ein seg som unnatak den heilfeite fløytemysosten som auka sterkt fram til 1951, men sidan har produksjonen av han minka til mindre enn det halve. I tabell VIII har ein oppgåver over produksjonen i dei einsskilde fylka.

Tabell 8 viser utviklinga av meieridrifta på grunnlag av innvegen mjølkemengd og produksjon av smør og ost frå 1900 til 1953.

Tabell 8. Innvegen mjølkemengd og produksjon av smør og ost 1900—1953.

År	Innvegen mjølkemengd ¹ tonn	Produsert i alt tonn					
		Smør	Magerost	Feitost	Kasein	Geit- og fløytemysost	Mager mysost og prim
1900	184 024	3 580	1 341	1 256	—	—	1 716
1910	277 765	3 707	3 044	1 772	—	—	2 981
1920	281 434	1 157	2 427	4 465	—	—	4 201
1930	427 676	3 945	2 524	5 964	1 271	3 734	2 408
1939	792 621	17 589	1 926	8 678	2 598	5 965	1 834
1945	341 892	4 107	747	1 170	310	1 432	505
1948	734 076	8 881	1 538	5 549	2 077	5 125	1 722
1949	890 569	10 716	1 759	9 486	3 303	8 621	1 419
1950	991 411	11 532	1 655	12 473	4 056	10 954	447
1951	1 006 770	11 206	2 176	13 697	4 824	12 884	532
1952	997 084	10 246	1 443	16 860	4 348	12 410	412
1953	1 064 231	12 834	1 048	16 426	4 476	9 763	276

¹ Mjølkk levert til kondenseringsfabrikkane er med.

Mengda av innvegen mjølk har auka mykje meir enn auken i samla produksjon av ku- og geitemjølkk. Medan det i 1939 var 51.6 prosent av mjølkeproduksjonen som vart innvegen ved meieri, var det i 1953 innvegen 63.8 prosent. Sjå elles meir om dette i bolkk VII. Samla produksjon av ku- og geitemjølkk, side 65.

Samansetninga og storleiken av smør- og osteproduksjonen i høve til mjølkemengda var i krigsåra sterkt påverka av tilgangen på andre matvarer og dei reguleringar og rasjoneringsvedtak som styresmaktene sette i verk. Rasjoneringa av mjølkk til konsum slutta 3. april 1950, medan rasjoneringa av ost fyrst slutta 1. juli 1952.

Etter årsmeldinga frå Norske Melkeprodusenters Landsforbund vart det i 1953 produsert 2 978 732 kg fjell- og gardssmør som hadde lovleg krav på tilskot. I 1952 var det oppgjevi 3 041 584 kg fjell- og gardssmør. Vidare vart det i 1953 gjevi tilskot til 410 176 kg gards- og sæterost. Av dette var 392 771 kg ekte geitost (F.G.) og 17 405 kg blanda geitost (B.G.).

7. *Sal av mjølk og fløyte til konsum.*

Sidan 1938 er det i oppgåvene over mjølkesalet skilt mellom sal til konsum og sal til anna bruk, til dømes til bakeri og annan matvareindustri. Tabell IX syner mjølkesalet til konsum i dei einskilte fylka og samanlagt for alle meieri.

Tabell 9 gjev eit oversyn over mjølkesalet til konsum for heile landet.

Tabell 9. Sal av mjølk til konsum i tonn.

År	Heilmjølk	Kulturmjølk		Skumamjølk	Saup	Fløyte		Krem 35 pct.	I alt
		uskuma	skuma			10 pct.	20 pct.		
1935	103 144	2 006	—	48 828	4 902	—	9 419	2 035	170 334
1939	138 338	1 879	—	48 005	5 730	—	9 235	2 447	205 634
1940	140 101	1 002	—	54 060	5 545	—	7 317	2 094	210 119
1945	223 555	1 652	—	32 876	3 322	1	—	—	261 406
1946	358 206	1 502	—	19 490	1 371	12	—	—	380 581
1949	415 386	7 554	—	16 711	1 088	9 873	—	5 246	455 858
1950	384 467	8 439	—	13 838	829	2 860	—	15 042	425 475
1951	365 734	10 898	—	11 292	897	2 486	—	14 214	405 521
1952	363 175	10 858	—	12 463	893	2 615	—	13 435	403 439
1953	386 205	12 786	1 802	7 590	719	856	2 489	13 491	425 938

Oppgåvene syner at salet av heilmjølk til konsum gjekk opp frå 363 175 tonn i 1952 til 386 205 tonn i 1953. Salet av uskuma kulturmjølk gjekk og opp frå 10 858 tonn i 1952 til 12 786 tonn i 1953, medan salet av skumamjølk og saup til konsum minka frå 13 356 tonn i 1952 til 10 111 tonn i 1953. Det var sterk nedgang i salet av 10 prosent fløyte, men samstundes viser oppgåvene at det vart selt 2489 tonn 20 prosent fløyte. Denne fløyten har ikkje vori på marknaden sidan 1940. Ser ein 10 og 20 prosent fløyten («kaffifløyten») under eitt, auka salet frå 2615 tonn i 1952 til 3345 tonn i 1953. Salet av kremfløyte i 1953 var 13 491 tonn eller om lag det same som året før. Av konsumsalet på i alt 425 938 tonn mjølk og fløyte vart 183 304 tonn eller om lag 43 prosent omsett på flasker.

Omrekna til heilmjølk syner oppgåvene at konsumsalet gjekk opp frå 505 942 tonn, eller 50.8 prosent av den innvegne mjølkemengda i 1952 til 539 800 tonn eller 50.7 prosent av den innvegne mjølkemengda i 1953. Sjå tabell 13 på side 21.

8. *Mjølk nytta i industrien.*

Oppgåvene femner om all mjølk og fløyte som meieria og kondensingsfabrikkane har nytta til kondensering, mjølkepulver, iskrem og sterilisering. Dinest kjem og den mjølka meieria har selt til industriforbruk med frådrag av dei mengder mjølk og fløyte som kondenser-

ingsfabrikkane har motteki frå meieri. Sal til industriforbruk er definert som sal til margarin-, hermetikk- og kondenseringsfabrikkar, bakeri, konditori og iskremlfabrikkar m. v. Det var i 1953 nytta 51 754 tonn mjølk og fløyte til industriforbruk mot 58 109 tonn i 1952. Byrået meiner at dette er minimumstal med det ein ikkje kan sjå bort frå at noko sal til industriforbruk med urette er førd som levering til andre meieri.

Tabell 10. Mengda av mjølk og fløyte nytta i industrien. Tonn.

År	Heilmjølk	Kulturmjølk		Skumamjølk	Saup	Fløyte			I alt
		Uskuma	Skuma			10 %	20 % og annan	Krem 35 %	
Riket 1948	24 197	—	—	12 286	28	3	—	—	36 514
» 1949	27 345	—	—	12 885	185	1 228	—	—	41 643
» 1950	33 965	—	—	12 742	609	945	—	—	48 261
» 1951	39 216	—	—	17 504	679	1 294	—	—	58 693
» 1952	37 036	—	—	19 726	547	800	—	—	58 109
» 1953	31 893	164	411	17 344	54	698	81	1 109	51 754

I tabell X er det oppgaver for kvart fylke over mjølk til industriforbruk.

Etter oppgaver frå margarinkontrollen vart det i 1953 produsert 80 569 tonn margarin og til det nytta 152 tonn heilmjølk og 4268 tonn skumamjølk og saup. I 1952 var det produsert 78 626 tonn margarin og nytta 121 tonn heilmjølk og 3829 tonn skumamjølk og saup.

Kondensering av mjølk vart i 1953 driven ved tre fabrikkar og eit meieri.

Framstilling av mjølkepulver gjekk for seg ved ein kondenseringsfabrikk og ein fabrikk tilhøyrande meieriorganisasjonane.

Sterilisering, vesentleg av 10 prosent fløyte, vart gjort ved ymse meieri spreidde over heile landet.

Til kondensering, mjølkepulver og sterilisering vart det i 1953 i alt nytta 31 205 tonn mjølk og fløyte. Av dette var 22 013 tonn heilmjølk, 8555 tonn skumamjølk og 637 tonn fløyte.

Tabell 11. Mjølk nytta til kondensering, sterilisering, mjølkepulver. Tonn.

År	Kondensering, sterilisering og mjølkepulver			
	Heilmjølk	Skumamjølk	Fløyte	Sum
1948	16 959	1 725	28	18 712
1949	21 616	2 861	185	24 662
1950	28 771	3 356	609	32 736
1951	28 853	3 161	679	32 693
1952	27 527	5 919	547	33 993
1953	22 013	8 555	637	31 205

Sidan 1. juli 1950 har det vori pålagd ei avgift av kr. 1.— pr. liter is til konsum. Etter dei innkomne avgiftsbeløpa var produksjonen i 1952/53 ca. 3.5 mill. liter og i 1953/54 ca. 4.0 mill. liter.

9. Mjølkeomsetnad utanom meieria.

Føresegnene om avgift på mjølkeomsetnaden etter «lov til å fremja omsetnaden av jordbruksvarer» er nemnde i statistikken for 1948, side 21.

Oppgaver over avgiftspliktig mjølkeomsetnad utanom meieria har ein frå og med 1932. For det året vart det svara avgift av 55 mill. liter mjølk. Det var jamn, men relativt liten nedgang fram til 1939, då det vart omsett 45 mill. liter. Seinare var nedgangen mykje større, slik at i 1945 var den registrerte omsetnaden utanom meieria berre 5.4 mill. liter.

Tabell 12. Omsetnad av mjølk utanom meieria 1938—1953.

Etter oppgave frå Omsetningsrådet og Norske Melkeprodusenters Landsforbund.

Mjølkesentral	1938	1950	1951	1952	1953
	Liter	Liter	Liter	Liter	Liter
Østlandets	26 524 271	2 841 173	3 603 281	2 869 131	9 027 241
Telemark	1 911 000	46 381	4 415	—	872 191
Aust-Agder	1 202 384	526 014	630 347	457 912	1 554 679
Vest-Agder	2 420 563	1 711 163	2 115 113	924 132	2 710 349
Vestlandske	7 960 389	1 703 526	1 886 567	1 892 182	3 908 477
Møre og Romsdal	1 688 349	3 059 149	2 481 596	2 027 115	3 514 075
Trøndelag	3 100 089	2 098 766	1 805 396	1 115 545	2 649 127
Nord-Norges	1 304 519	581 491	658 473	571 593	2 455 557
Sum	46 111 564	12 567 663	13 185 188	9 857 610	26 691 696

Tala for dei einskilde områda er ujamne frå år til anna. Det kjem av at oppgåvene ikkje femner over like mykje kvart år. Lova er til dømes gjort gjeldande for nye strok, og føresegnene har vorti meir effektivt gjennomførde. Ein kan vidare rekna med at mjølka frå dei nye meierileverandørane i stor mon tidlegare vart seld beinveges til konsum eller nytta til produksjon av smør og ost som vart marknadsførde utanom meieria. Nedgangen i registrert mjølkesal utanom meieria fram til 1945 er difor i stor mon berre ei overflytting frå beinveges sal til meierisal. Stigningen i mjølkesalet utanom meieria i åra etter krigen skyldes truleg ein betre kontroll over salet.

Frå 1. desember 1952 vart statstilskotet for konsummjølka auka med 10 øre pr. liter, og dette galdt også dei som selde konsummjølk beinveges. Ein meiner dette er hovudårsaka til den store auken frå 1952 til 1953.

Ein reknar med at oppgåvene for 1953 femner om så å seia all mjølkeomsetnad utanom meieria som har krav på tilskot.

10. *Mjølkekemengda fordelt etter måten mjølka er nytta på.*

Ved fordeling av mjølkekemengda etter kva ho blir nytta til, har ein lagt mengd mjølkefeitt til grunn for utrekingane. Når såleis til dømes alt feittet i mjølka er nytta til smørproduksjon, og skumamjolk og saup er nytta til konsum eller produksjon av magerost, reknar ein at all mjølka er nytta til smørproduksjon. Framgangsmåten vil difor føra til at dei produksjonsgruppene som nyttar skumamjolk og saup, blir verdsette for lågt. Vidare kan det føra til at brigde i fordelinga etter denne utrekinga ikkje svarar til endringar i konsum eller i produksjon av ost.

Tabell 13. Mjølkekemengda delt etter bruken av mjølkefeitt.

a. Absolutte tal.

År	I alt heilmjolk	Av det nytta til:			
		Kinning	Ysting	Sal til konsum ¹	Nytta i industrien ²
	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn	Tonn
1875	16 739	11 081	1 473	4 185	—
1900	184 024	89 436	12 514	64 040	18 034
1910	277 765	92 496	16 944	129 438	38 887
1920	281 434	30 113	44 467	171 956	34 898
1930	427 676	103 356	90 721	203 715	29 884
1940	653 052	323 532	95 867	209 221	24 432
1945	341 892	95 887	15 218	221 488	9 299
1949	890 569	238 167	117 809	502 105	32 488
1950	991 411	250 985	157 843	542 178	40 405
1951	1 006 770	243 734	195 100	515 796	52 140
1952	997 084	221 742	221 731	505 942	47 669
1953	1 064 231	276 681	205 478	539 800	42 272

b. Relative tal.

1875	100.0	66.2	8.8	25.0	—
1900	100.0	48.6	6.8	34.8	9.8
1910	100.0	33.3	6.1	46.6	14.0
1920	100.0	10.7	15.8	61.1	12.4
1930	100.0	24.2	21.2	47.6	7.0
1940	100.0	49.5	14.7	32.0	3.8
1945	100.0	28.0	4.5	64.8	2.7
1949	100.0	26.8	13.2	56.4	3.6
1950	100.0	25.3	15.9	54.7	4.1
1951	100.0	24.2	19.4	51.2	5.2
1952	100.0	22.2	22.2	50.8	4.8
1953	100.0	26.0	19.3	50.7	4.0

¹ Utanom sal til hushald femner oppgåva fram til 1947 og om levering til bakeri og konditori, margarin- og hermetikkfabrikkar o. a. matvareindustri. Frå og med 1947 gjeld oppgåva berre sal til konsum. ² Fram til 1947 femner oppgåva berre om mjolk til kondensering, sterilisering, mjølkepulver, is og iskrem. Frå og med 1947 femner oppgåva om all mjolk til bruk i industrien. Sjå note 1.

Oppgåvene over korleis mjølka er nytta, syner at det har vori stort brigde frå tid til anna. Den store auken i smørproduksjonen frå 1930 til 1939 må ein sjå i samanheng med at det frå 1. november 1931 var

påbodi å blanda smør i margarinen. Mengda av smør som ein skulle bruka, skifta frå 2.5 til 30 prosent. Sjå meir om dette i statistikken for 1944, side 15.

Frå 1939 til 1945 gjekk smørproduksjonen monaleg ned, men har seinare auka att, så det i 1952 og 1953 vart nytta om lag $2\frac{1}{2}$ —3 gonger så mykje mjølk til smørproduksjon som i 1945.

Frå 1952 til 1953 var det ein auke i smørproduksjonen på 2588 tonn. I høve til innvegen mjølkemengd heldt smørproduksjonen seg ved lag til 1944, men gjekk sterkt ned i 1945. Nedgangen har haldi ved til 1952, men den har vori mykje mindre enn før. Tala syner vidare at det frå 1945 har vori sterk auke i mjølkemengd til ysting. Medan 4.5 prosent av mjølka vart nytta til ysting i 1945, vart 19.3 prosent nytta på same måten i 1953 (mot 22.2 prosent året før). Oppgåvene over konsumsalet syner jamn auke fram til og med 1950, nedgang i 1951 og 1952 og ny auke i 1953. Relativtala over konsumsalet syner ein monaleg nedgang sidan 1945.

11. *Dei økonomiske resultatata.*

a) *Prisar.*

Utsalsprisane på mjølk og fløyte som vart fastsette 1. desember 1952, har vori gjeldande i heile 1953, og dei prisane på smør og ost som vart fastsette 3. juli 1952, har og vore gjeldande i 1953, med unnatak for heilfeit fløytemysost som vart sett opp med 20 øre frå 20. mai 1953. I fylgjande oppgåve har ein ikkje teki med prisane på alle ostesortane. Ein vil gjera merksam på at det er sett serskilde prisar for gards- og sæterost.

Tabell 14. Maksimalprisar på mjølk og fløyte i utsal i 1953.
Øre pr. liter.

Prisgruppe	17. desember 1951		3. juli 1952		1. desember 1952	
	I	II	I	II	I	II
	Øre	Øre	Øre	Øre	Øre	Øre
Heilmjølk	54	52	56	54	45	43
Uskuma kulturmjølk	59	57	61	59	50	48
Skumamjølk	24	22	26	24	26	24
Saup og skuma kulturmjølk	27	25	31	29	31	29
Fløyte med 10 pct. feitt	195	190	195	190	195	190
Fløyte med 20 pct. feitt	350	340	350	340	350	340
Konditorkrem med 35 pct. feitt ..	595	575	595	575	595	575

Ved levering av mjølk og fløyte i flasker 4 øre pr. flaske i tillegg. Frå 17. desember 1952 vart dette auka til 5 øre.

Tabell 15. Prisar på smør og ost ved sal til detaljistar og store forbrukarar og ved sal til forbrukar. Kroner pr. kg.

	Bars- notering 2/2 1940	Maksimalprisar til detaljist				Maksimalpris til forbrukar i sone I	
		16/10 1946	18/5 1951	1/1 1952	3/7 1952	1/1 1952	3/7 1952
Kløvermerkt meierismør	3.60	5.35	6.60	6.60	6.60	7.95	8.00
Off. godkjent gards- og fjellsmør	3.15	5.00	6.35	6.35	6.35	7.65	7.65
Sveitsarost, heilfeit, F. 45	3.15	3.90	5.20	5.80	6.10	7.65	8.00
Edamost, heilfeit, F. 45	2.35	3.10	4.10	4.70	4.95	6.20	6.60
» heilfeit, F. 40	—	2.90	3.90	4.50	4.75	5.90	6.35
Gaudaost, heilfeit, F. 45	2.15	2.90	3.85	4.35	4.55	5.70	6.05
» halvfeit, H. 30	1.85	2.30	3.00	3.50	3.70	4.55	4.95
Nøkkelost, heilfeit	2.20	2.90	3.85	4.35	4.55	5.70	6.05
» halvfeit, H. 30	1.85	2.30	3.00	3.50	3.70	4.55	4.95
» kvartfeit, K. 20	1.50	1.95	2.60	3.10	3.20	4.00	4.25
» mager, M. 10	1.30	1.75	2.30	2.75	2.75	3.55	3.65
» mager, M. 0	—	1.45	1.95	2.35	2.35	3.00	3.15
Normannaost, heilfeit, F. 45	2.75	3.35	4.20	4.70	4.90	6.55	6.80
Pultost, gjæra	1.35	1.60	1.90	2.05	2.05	2.80	2.80
Saupost	—	1.20	1.50	1.90	1.90	2.55	2.55
Gamalost	2.10	2.30	3.65	4.20	4.95	5.70	6.65
Kvit geitost, heilfeit	—	3.50	4.35	4.85	5.05	6.40	5.65
» » halvfeit	—	2.45	3.00	3.50	3.70	4.55	4.80
» » mager	—	1.60	2.05	2.50	2.60	3.20	3.35
Ekte geitmysost, heilfeit, F. 28	—	4.80	5.95	6.45	6.75	8.15	8.60
Gudbrandsdalsost, G. 35	—	—	4.10	4.40	4.60	5.85	6.15
Blanda geitmysost, B. G. 28	2.25	2.90	3.80	4.15	4.35	5.40	5.80
Fløytemysost, heilfeit, F. 28	—	2.55	3.20	3.45	¹ 3.45	4.60	¹ 4.60
» halvfeit, H. 20	1.55	1.90	2.50	2.90	2.90	3.80	3.85
Mager mysost	0.85	1.10	1.45	1.80	1.95	2.35	2.60
Prim, vanleg	—	1.05	1.35	1.70	1.70	2.30	2.30
Karamellprim	—	1.40	1.40	1.75	1.75	2.40	2.40

¹ Prisen auka med 20 øre frå 20. mai 1953.

b) Statstilskota til mjølkeproduksjonen.

Reglane om statstilskot til mjølkeproduksjonen er endra fleire gonger etter krigen. Dei føresegner som no gjeld for regulering av prisane på mjølk og mjølkeprodukt vart fastsette av Prisdirektoratet i kunn-gjering frå 1. juli 1952.

Ved brigda i 1952 fekk ein sesongvariasjon i tilskota. Tilskota er minst i månadene mai/juni med 11.8 øre, og størst i månadene oktober/ januar med 17.8 øre pr. liter. For heilmjølk og anna uskuma mjølk som blir seld til konsum, gjeld tilskotssatsane for mjølk med 3.70 prosent feitt. For mjølk med høgare feittinnhald er tilskotet 0.06 øre pr. liter større pr. 1/100 prosent feitt mjølka har meir enn 3.70 prosent. På tilsvarande måte skal tilskotet setjast ned med 0.06 øre pr. liter pr. 1/100 prosent feitt mjølka har mindre enn 3.70 prosent.

Tabell 16. Statstilskot til mjølk og mjølkeprodukt i budsjettåret 1953/54 i kroner.¹

Mjølkesentral	Forskot på riksoppgjæret	Direkteleverandører	Fjell- og gards-smør	Frakttilskot lange mjølkeruter	Særtilskot Sør-Noreg	Driftstilskot	Særtilskot Nordland og Troms	I alt tilskot Finnmark	Tilskot gards- og sæter-ost	Prisreduisert smør og ost	I alt tilskot
Østlandets	89 031 373	756 415	1 712 017	2 881 163	2 904 447	8 566 741	—	—	—	1 639 725	107 491 881
Telemark	5 796 436	122 174	638 611	347 424	971 249	872 605	—	—	—	190 246	8 938 745
Aust-Agder	2 213 666	133 835	290 061	148 461	352 088	436 973	—	—	—	133 153	3 708 237
Vest-Agder	4 477 344	193 912	592 228	382 280	826 479	931 459	—	—	—	218 139	7 621 841
Vestlandske	37 005 956	433 857	2 630 162	1 943 665	4 373 516	5 087 190	—	—	—	1 002 549	52 476 895
Møre og Romsdal	9 036 437	474 275	505 407	1 346 451	2 060 871	1 578 553	—	—	—	553 034	15 555 028
Trøndelag	21 770 461	288 492	3 289 332	1 331 851	1 689 699	3 348 819	—	—	—	1 013 073	32 731 727
Nord-Norges	10 046 753	481 107	1 352 069	1 410 040	—	2 195 752	5 456 948	1 834 718	—	368 907	23 146 294
Norske Meieriers Salgs-sentral	—	—	51 044	—	3 171	—	—	—	1 230 081	—	1 284 296
Riket 1953/54	179 378 426	2 884 067	11 060 931	9 791 335	13 181 520	23 018 092	5 456 948	1 834 718	1 230 081	5 118 826	252 954 944

¹ Oppgave frå Landbruksdepartementet.

Det samla statstilskotet til mjølkeproduksjonen var 206.2 mill. kr. i budsjettåret 1952/53. I 1953/54 auka dette til 253.0 mill. kr. Denne store auken i tilskotet kjem frå endringar i reglane om driftstilskot som vart gjeldande frå 1. juli 1952. Då driftstilskotet blir utbetalt i etterskot, har det fyrst gjort seg gjeldande på budsjettet for 1953/54. Vidare har det ekstra statstilskot for konsummjølk som vart gjeldande frå 1. desember 1952, verka til å auka tilskotet for 1953/54. Reglane for tilskota finn ein i Pristidende 1952 nr. 21 og 1953 nr. 1, 4 og 19.

c) *Driftsresultatet.*

I dei fylgjande oppgåvene over det økonomiske resultatet av drifta har ein ikkje teki med kondenseringsfabrikkane utan at dei er serskilt nemnde.

Ved omarbeiding av årsskjemaet for 1953 vart postane for avskrivning og renter på partskapital som tidlegare var rekna som ein part av nettovinninga, førde opp som driftsutgifter. I dei samanlikningane mellom oppgåvene for 1953 og tidlegare år som er utførde, har ein difor retta opp dei eldre oppgåvene i samsvar med dette.

Samla bruttovinning er summen etter at omsetnads- og utjamningsavgifta er frådregne og utjamningstilskot og andre tilskot er medtekne i inntektene. Vidare er verdet av mjølk og fløyte frå andre meieri frådregi både i brutto- og nettovinninga. Tabell XI gjev oppgåver for dei einskilde fylka over brutto-, nettovinning og driftsutgifter i kroner i alt og i øre pr. kg mjølk. Bruttopris, driftsutgift og nettopris i øre pr. kg mjølk er utrekna på den mjølkemengd som er motteken beinveges frå leverandørane. I dei fylka som har teki imot suppleringsmjølk frå andre fylke, vil difor nettoprisen og driftsutgiftene utrekna i øre pr. kg mjølk beinveges frå leverandørane vera noko høgre enn tala for dei einskilde meieria i tabell XIV syner, av di vinninga og utgiftene ved stellet med suppleringsmjølka kjem i tillegg. For dei fylka som sende suppleringsmjølk til andre fylke, blir det omsnudd. Såleis syner tabell XI at driftsutgiftene for Akershus og Hordaland, utrekna i øre pr. kg, blir serleg høge av di desse to fylka får mykje suppleringsmjølk frå andre fylke. For Akershus og Oslo og Hordaland og Bergen var utrekna driftsutgifter i 1953 21.96 og 15.01 øre pr. kg innvegen mjølk. Reknar ein om driftsutgiftene på grunnlag av samla mjølkeomsetnad ved meieria blir tala for desse fylka i same rekkjefylgje 9.19 og 9.20 øre pr. kg.

Tabell 17. Bruttovinning, driftsutgifter og nettovinning ved meieria. I alt i kroner og i øre pr. kg. Kondenseringsfabrikkane ikkje med.

Å-	Kroner i alt			Øre pr. kg mjølk		
	Bruttovinning av mjølka	Driftsutgifter ¹	Nettovinning av mjølka ¹	Brutto- pris	Drifts- utgift	Netto- pris
1925	124 948 768	17 334 096	107 614 672	35.6	4.9	30.7
1930	81 097 446	17 104 143	63 993 303	20.2	4.3	15.9
1935	94 146 978	17 659 211	76 487 767	17.88	3.35	14.53
1938	151 414 838	24 819 461	126 595 377	21.70	3.56	18.14
1939	171 885 967	27 543 669	144 342 298	22.02	3.53	18.49
1945	149 792 975	27 789 813	122 003 162	44.48	8.23	36.25
1950	538 308 239	77 685 235	460 623 004	55.03	7.94	47.09
1951	575 617 351	90 306 526	485 310 825	57.92	9.09	48.83
1952	631 001 552	102 092 900	528 908 652	64.09	10.37	53.72
1953	689 474 348	106 247 871	583 226 477	65.54	10.10	55.44

¹ I dei offentleggjorte tala for 1952 og tidlegare år var avskrivningar og renter på partskapital rekna saman med nettovinninga. Her er summene for desse to postane førde over til driftsutgiftene for at dei kan samanliknast direkte med oppgåva over driftsutgiftene for 1953.

For å syna utviklinga i dei seinare åra har ein i tabell 18 stelt saman oppgåver i relative tal over innvegen mjølkemengd, brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved meieria utanom kondenseringsfabrikkane for åra 1938—53 og sett 1938-tala til 100.

Tabell 18. Mjølkemengd, brutto- og nettovinning og driftsutgifter ved meieria i relative tal når 1938 = 100. Kondenseringsfabrikkar ikkje med.

År	Innvegen mjølkemengd	Kroner i alt			Øre pr. kg mjølk		
		Brutto	Driftsutgifter	Netto	Brutto	Driftsutgifter	Netto
1938	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
1939	111.9	113.5	111.0	114.0	101.5	99.2	101.9
1945	48.3	98.9	112.0	96.4	205.0	231.2	199.8
1950	140.2	355.5	313.0	363.9	253.6	223.0	259.6
1951	142.4	380.2	363.9	383.4	266.9	255.3	269.2
1952	141.1	416.7	411.4	417.8	295.3	291.0	296.2
1953	150.8	455.4	428.1	460.7	302.0	283.7	305.6

Samanlikna med 1938 (sett til 100) syner det seg at mjølkemengda i 1953 hadde auka til 150.8, medan bruttovinninga i kroner hadde auka til 455.4 og bruttoprisen (bruttovinninga i øre pr. kg mjølk) til 302. På same tid har nettoprisen auka relativt frå 100 til 305.6.

Driftsutgiftene pr. kg mjølk steig jamt i krigsåra, truleg mest av di mjølkemengda minka. Då det så vart meir mjølk att i 1946, kom det

og eit fall i driftsutgiftene. Sidan har driftsutgiftene auka noko, men fyrst i 1951 var dei større enn i 1946. Frå 1952 til 1953 gjekk driftsutgiftene noko ned att.

Bruttovinning.

Bruttovinninga ved meieria var 689.4 mill. kr. i 1953 mot 631.0 mill. kr. i 1952. Dette motsvarar 65.54 og 64.09 øre pr. kg innvegen mjølk. For 1953 har Byrået for fyrste gongen freista å skilja ut kor mykje som er nettovinning av anna verksemd. Av dei 689.4 mill. kr. er såleis 1.3 mill. kr. eller 0.65 prosent frå anna verksemd. Som anna verksemd er rekna mjølkeutsal, innkjøpslag, rente- og husleigeinntekter m. v. Då mange meieri ikkje har skilt ut fullstendig anna verksemd, reknar ein med at nettovinninga av desse ligg noko høgre enn ein har fått fram for 1953. Fylkestal over summane er tekne med i tabell XI.

Driftsutgifter.

Driftsutgiftene var i 1953 i alt 106.2 mill. kr. eller 10.10 øre pr. kg innvegen mjølk mot 102.1 mill. kr. eller 10.37 øre i 1952. I desse summane er rekna med avskrivningar på meieriet og forrentning av partskapital. I tabell XII har ein fylkestal over driftsutgiftene spesifisert på dei einskilde utgiftspostane og utrekna i øre pr. kg innvegen mjølk.

Tabell 19 over driftsutgiftene delte på dei einskilde utgiftspostane viser at løner med pensjons- og trygdepremi m. v. svarar til om lag tredjeparten av alle driftsutgifter. Denne posten har auka litt i relativt verde dei siste åra. Utgiftene til frakt og køyring er dei transportutgiftene meieria har på mjølka (og mjølkeprodukt) etter at ho er innvegen. Utgifter til transport av mjølk frå leverandørane til meieri er ikkje medtekne i driftsutgifter til meieria, men er med som serskild post under andre utreisler til leverandørane.

I dei seinare åra har transporten av mjølka frå leverandør til meieri vorti mykje omlagd. Før var det leverandøren som sjølv eller saman med dei nærmaste grannane frakta mjølka til meieriet. No har meieria meir og meir gått over til å henta mjølka. Ofte er det no sett opp mjølkebilruter som hentar mjølka ved nærmaste hovudveg. Alt etter tilhøva på kvar stad blir utgiftene dekte noko av statstilskot, noko av meieria og noko av leverandørane sjølve. Ein har ikkje noko oversyn over kor store desse transportutgiftene er.

Ein kan elles serleg merkja seg at avskrivningane har auka monaleg for kvart år. Medan desse i 1949 svara til 6.8 prosent av utgiftene, svara dei i 1953 til 13.3 prosent, dvs. at avskrivningane sin del i driftsutgiftene var om lag dobla på desse åra. Ein kan og merkja seg at ved-

Tabell 19.

Driftsutgiftene ved meieria delte på dei einskilde utgiftspostane.

Kroner i alt.

År	Løner	Pensjons- og trygdepremi og sosiale utreisler	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje	Driftsrekvisita og hjelpemiddel	Frakter og kjøring	Kontorutgifter, skattar, assurance m. v.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieriet	Vedlikehold	I alt
1949	22 326 155		8 117 911		9 582 197	9 437 012	4 913 857		637 186	4 711 486	9 753 627	69 479 431
1950	25 639 534		9 299 016		8 599 701	10 009 904	5 105 144		577 454	6 871 071	11 583 411	77 685 235
1951	29 788 603		10 468 300		10 678 690	11 305 832	5 905 074		599 153	8 365 103	13 195 771	90 306 526
1952	34 804 544		12 028 045		12 282 740	10 921 461	6 838 426		620 451	11 232 566	13 364 667	102 092 900
1953	33 979 539	2 014 563	10 942 587	5 224 927	6 741 826	12 089 552	6 665 050	1 909 514	566 751	14 090 352	12 023 210	106 247 871

Øre pr. kg innvegen mjølk.

1949	2.54		0.93		1.09	1.08	0.56		0.07	0.54	1.11	7.92
1950	2.62		0.95		0.88	1.02	0.52		0.06	0.70	1.19	7.94
1951	3.00		1.05		1.07	1.14	0.59		0.06	0.84	1.33	9.08
1952	3.54		1.22		1.25	1.11	0.69		0.06	1.14	1.36	10.37
1953	3.23	0.19	10.4	0.50	0.64	1.15	0.64	0.18	0.05	1.34	1.14	10.10

Relative tal.

1949	32.1		11.7		13.8	13.6	7.1		0.9	6.8	14.0	100.0
1950	33.0		12.0		11.1	12.8	6.5		0.8	8.8	15.0	100.0
1951	33.0		11.6		11.8	12.6	6.5		0.7	9.2	14.6	100.0
1952	34.1		11.8		12.0	10.7	6.7		0.6	11.0	13.1	100.0
1953	32.0	1.9	10.3	4.9	6.3	11.4	6.3	1.8	0.5	13.3	11.3	100.0

likehaldet har minka frå 14.0 prosent i 1949 til 11.3 prosent i 1953. Forrentning av partskapitalen har vori mindre enn ein prosent av utgiftene og har gått ned frå 0.9 prosent i 1949 til 0.5 prosent i 1953.

Nettovinning.

Ved omarbeidinga av årsskjemaet for 1953 tok ein sikte på å klårleggja i detaljar mykje sterkare enn før korleis nettovinninga av mjølka vart nytta. Serleg galdt dette utbetalingane til leverandørane og kor mykje statstilskota sin del utgjorde av desse. I tabell XIII er det gjevi fylkestal over nettovinninga for mjølka spesifisert på einskilde postar. I det fylgjande skal ein gjera nærare greie for spesifiseringa.

Samla nettovinning av meierimjølka (utanom kondenseringsfabrikkane) var i 1953 583.2 mill. kr. svarande til 55.44 øre pr. kg innvegen mjølk. For 1952 var nettovinninga i alt 528.9 mill. kr. eller 53.72 øre pr. kg.

Tabell 20. Nettovinning av meierimjølka og korleis vinninga er delt.

Kroner i alt.

År	Nettovinning i alt	Utbetalt til leverandørane	Andre utreisler til leverandørane	Til andre føremål	Underskot
1938	126 595 377	123 531 117	—	3 122 247	57 987
1939	144 342 298	141 284 832	192 187	2 909 598	44 319
1940	145 061 376	141 576 437	440 975	3 108 517	64 553
1945	122 066 162	116 846 479	443 559	4 789 212	13 088
1950	460 623 004	438 459 942	4 980 763	17 201 910	19 611
1951	485 310 825	467 107 189	5 823 063	12 386 505	5 932
1952	528 908 652	505 833 103	7 696 496	15 391 459	12 406
1953	583 226 477	560 714 935	8 481 873	14 041 951	12 282

Øre pr. kg innvegen mjølk.

1938	18.15	17.71	—	0.45	0.01
1939	18.48	18.10	0.02	0.37	0.01
1940	22.56	22.02	0.07	0.48	0.01
1945	36.25	34.70	0.13	1.42	—
1950	47.09	44.82	0.51	1.76	—
1951	48.83	47.00	0.59	1.24	—
1952	53.72	51.38	0.78	1.56	—
1953	55.44	53.30	0.81	1.33	—

Relative tal.

1938	100.0	97.5	—	2.5	—
1939	100.0	97.9	0.1	2.0	—
1940	100.0	97.6	0.3	2.1	—
1945	100.0	95.7	0.4	3.9	—
1950	100.0	95.2	1.1	3.7	—
1951	100.0	96.2	1.2	2.6	—
1952	100.0	95.6	1.5	2.9	—
1953	100.0	96.1	1.5	2.4	—

Ein del av nettovinninga blir ikkje utbetalt leverandørane direkte, men blir nytta til nytt utstyr og nybygg, fonds eller føremål som kjem leverandørane til godes. Noko blir og gjevi bort som tilskot til t. d. ymse sosiale føremål, gåver o. l.

Nettovinninga av meierimjølka har ein delt på tre hovudpostar, nemleg: 1. Utbetalt til leverandørane, 2. Andre utreisler til leverandørane, 3. Til andre føremål. I tabell 20 har ein sett opp nettovinninga etter desse postane frå 1938 til 1953.

Summane som er utbetalte til leverandørane femner om statens sertilskot til visse distrikt, statens driftstilskot, statens tilskot for inntransport av mjølk til meieri, mjølkepengar som utbetales i året og etterskot. Av desse pengesummane blir statens sertilskot og mjølkepengar (utanom tilskota) utbetalte månadsvis. Statens driftstilskot (tidlegare småbrukartilskot) vert utbetalt under eitt i etterskot for budsjettåret. Driftstilskotet som er rekna med for 1953, gjeld for mjølk som er levert i budsjettåret 1952/53. Statens tilskot for inntransport av mjølk er eit tilskot som skal dekkja den parten av transportutgiftene for mjølkelevering til meieriet som er meir enn 2 øre pr. kg. Dette tilskotet vert oftast ikkje utbetalt til leverandørane, men tener til å gjera utgiftene ved mjølkeleveringa mindre.

Tabell 21. Utbetalt leverandørane.

Kroner i alt.						
År	Statens sertilskot	Statens driftstilskot	Statens tilskot for inntransport av mjølk	Utbetalte mjølkepengar i året ¹	Etterskot til leverandørane	I alt
1953	16 840 046	21 293 674	10 494 730	492 115 445	19 971 040	560 714 935
Øre pr. kg innvegen mjølk.						
1953	1.60	2.02	1.00	46.78	1.90	53.30
Relative tal.						
1953	3.0	3.8	1.9	87.8	3.5	100.0

¹ Utanom statstilskota.

Andre utreisler til leverandørane femner om tiltak som tener til å få mjølka fram til meieriet og til å auka mjølkeproduksjonen og gjera denne meir lønsam for leverandørane. Den største posten gjeld utgiftene til køyring av leverandørane si mjølk til meieriet. Vidare har ein utgifter til fjøsrekneskapslaga, og frå 1953 har ein skilt ut ein diversepost som femner om fealstiltak, dyrlækjarkontroll m. v.

Tabell 22. Andre utreisler til leverandørane.
Kroner i alt.

År	Køyring av leverandørane si mjølk	Utgifter til fjøsrekneskapslaga	Diverse	I alt
1949	4 743 248	943 735	—	5 686 983
1950	3 514 794	1 465 969	—	4 980 763
1951	4 132 583	1 690 480	—	5 823 063
1952	5 808 981	1 887 515	—	7 696 496
1953	5 860 539	2 528 297	93 037	8 481 873

Øre pr. kg innvegen mjølk.

1949	0.54	0.11	—	0.65
1950	0.36	0.15	—	0.51
1951	0.42	0.17	—	0.59
1952	0.59	0.19	—	0.78
1953	0.56	0.24	0.01	0.81

Relative tal.

1949	83.4	16.6	—	100.0
1950	70.6	29.4	—	100.0
1951	71.0	29.0	—	100.0
1952	75.5	24.5	—	100.0
1953	69.1	29.8	1.1	100.0

Tabell 23. Til andre føremål.
Kroner i alt.

År	Avsetnad til fonds	Avsetnad til nytt utstyr og nybygg	Ymse tilskot	Diverse	Førd over til komande driftsår	I alt
1949	6 110 603	5 188 084	—	—	3 141 894	14 440 581
1950	5 584 181	8 191 865	—	—	3 425 864	17 201 910
1951	5 521 478	3 640 297	—	—	3 224 730	12 386 505
1952	6 864 930	4 573 455	—	—	3 953 074	15 391 459
1953	5 169 428	5 854 218	134 532	102 459	2 781 314	14 041 951

Øre pr. kg innvegen mjølk.

1949	0.70	0.59	—	—	0.36	1.65
1950	0.57	0.84	—	—	0.35	1.76
1951	0.55	0.37	—	—	0.32	1.24
1952	0.70	0.46	—	—	0.40	1.56
1953	0.49	0.56	0.01	0.01	0.26	1.33

Relative tal.

1949	42.3	35.9	—	—	21.8	100.0
1950	32.5	47.6	—	—	19.9	100.0
1951	44.6	29.4	—	—	26.0	100.0
1952	44.6	29.7	—	—	25.7	100.0
1953	36.8	41.7	1.0	0.7	19.8	100.0

Den part av nettovinninga som går til andre føremål, er frå 1953 delt på fem einskildpostar. Den fyrste av desse: «Avsetnad til fonds» femner og om summar som er nytta til avdrag på gjeld. Fram til 1952 var gjeldsavdrag sett opp som serskild post. Avsetnad til nytt utstyr og nybygg har same omfang som før. Posten «Ymse tilskot» femner hovudsakeleg om summar som går til sosiale føremål som samfundshus o. l. Posten «Diverse» gjeld mest gåver o. l. Posten «Førd over til komande driftsår» vart fram til 1952 kalla «Til disposisjon».

I tillegg til oppgåvene over nettovinninga av mjølka kjem og det som er utbetalt til leverandørane for mjølk send beinveges til kondenseringsfabrikkane. I 1953 tok kondenseringsfabrikkane beinveges mot 12 272 465 kg mjølk og utbetalte for ho kr. 6 300 896. Dette svarar i medel til 51.34 øre pr. kg.

Tabell 24. Mengd og utbetaling for mjølk send beinveges til kondenseringsfabrikkane.

År	Innvegen mjølk kg	Utbetalt kr.	Øre pr. kg
1925	35 713 186	11 327 112	31.72
1930	25 416 430	4 340 682	17.08
1935	9 655 982	1 384 543	14.34
1938	12 522 210	2 189 682	17.49
1939	11 928 116	2 144 014	17.97
1945	5 153 593	1 821 412	35.34
1950	13 282 696	6 090 223	45.85
1951	12 926 786	6 220 731	48.12
1952	12 596 361	6 410 262	50.89
1953	12 272 465	6 300 896	51.34

Som tabellen syner har mengda av mjølk beinveges innvegen ved kondenseringsfabrikkane gått mykje ned sidan 1925—1930, men mengda har halde seg ved lag det same i dei seinaste åra.

Den fylkesvise oppgåva i tabell XI og tabell 17, side 26, syner at nettovinninga for mjølk innvegen ved meieri var kr. 583 226 477. Saman med utbetalinga for mjølk levert beinveges til kondenseringsfabrikkane, blir samla nettovinning i alt kr. 589 527 373. Det svarar til 55.39 øre pr. kg innvegen mjølk. For 1952 var nettovinninga i alt kr. 535 318 914 eller 53.69 øre pr. kg. Nettovinninga har altså auka med 1.70 øre pr. kg innvegen mjølk frå 1952 til 1953.

Ved utrekningane pr. kg innvegen mjølk er den innvegne fløyten omrekna til heilmjølk, men verdet av magermjølka etter fløyteleveringa kjem ikkje med i rekneskapen for mjølka.

Ved nokre smør- og fløytemeieri kjem verdet av skumamjølk og saup heller ikkje med i rekneskapen, av di kvar leverandør får skuma-

Tabell 25. Nettovinning av mjølka.
Kondenseringsfabrikkane er med.

År	I alt kr.	Øre pr. kg	Relativ pris pr. kg når 1938=100
1913	33 129 000	11.35	62.6
1925	107 614 672	30.58	168.7
1930	68 333 985	15.98	88.1
1935	77 872 310	14.53	80.1
1938	128 785 059	18.13	100.0
1939	146 486 312	18.48	101.9
1945	123 824 574	36.22	199.8
1950	466 713 227	47.08	259.7
1951	491 531 556	48.82	269.3
1952	535 318 914	53.69	296.1
1953	589 527 373	55.39	305.5

mjølk og saup gratis tilbake i høve til mjølkemengda han har levert. Skulle ei samanlikning mellom nettoprisane for dei einstilte fylka bli heilt rett, burde difor verdet av desse produkta koma i tillegg til den nettoprisen som er sett opp i tabellane XI og XIII.

Tabell 26. Gratis retur av skumamjølkk og saup, magermjølk etter fløytelevering i 1953. Verdsett etter 8.0 øre pr. kg.

Fylke	Gratis returnert skumamjølkk og saup		I alt	Verd av gratis returnert skumamjølkk og saup	Verd av magermjølk etter fløytelevering	I alt	Verd utrekna pr. kg innvegen mjølk]
	Tonn	Tonn					
Østfold	—	—	—	—	—	—	—
Akershus og Oslo	25	—	25	2 000	—	2 000	0.0021
Hedmark	82	2 809	2 891	6 560	224 720	231 280	0.2507
Oppland	—	238	238	—	19 040	19 040	0.0171
Buskerud	—	1 008	1 008	—	80 640	80 640	0.1592
Vestfold	—	—	—	—	—	—	—
Telemark	—	986	986	—	78 880	78 880	0.2530
Aust-Agder	—	810	810	—	64 800	64 800	0.5833
Vest-Agder	—	2 255	2 255	—	180 400	180 400	0.6852
Rogaland	—	—	—	—	—	—	—
Hordaland og Bergen	—	—	—	—	—	—	—
Sogn og Fjordane ...	7 503	325	7 828	600 240	26 000	626 240	1.6323
Møre og Romsdal ...	—	52	52	—	4 160	4 160	0.0062
Sør-Trøndelag	—	46	46	—	3 680	3 680	0.0054
Nord-Trøndelag	1 930	149	2 079	154 400	11 920	166 320	0.2484
Nordland	331	1 082	1 413	26 480	86 560	113 040	0.3632
Troms	—	888	888	—	71 040	71 040	0.2376
Finnmark	—	16	16	—	1 280	1 280	0.0432
Riket	9 871	10 664	20 535	789 680	853 120	1 642 800	0.1562

Tabell 26 syner at mengda av gratis returnert skumamjølkk og saup og magermjølk etter fløytelevering skifta mykje frå fylke til fylke både i absolutt mengd og samanlikna med mengda av innvegen mjølk.

Serleg må ein merkja seg Sogn og Fjordane fylke. Her svarar verdet til 1.6 øre pr. kg innvegen mjølk eller 2.96 prosent i tillegg til utrekna nettovinning.

12. Meieria grupperte etter produksjon.

Ein har gruppert meieria etter kva mjølkefett er nytta til. Tidlegare vart det kravt at minst 90 prosent av mjølkefett måtte vera brukt til den produksjon som var sermerkt for vedkomande gruppe. Etter kvart som produksjonen ved dei einskilde meieria vart meir samansett, vart det i mange høve tvilsmål om kva for ei gruppe ein skulle rekna eit meieri til. Frå og med 1951 har ein difor endra grupperingsreglane noko. Ein krev no at minst 75 prosent av mjølka blir nytta i den produksjon som er sermerkt for gruppa. For mysostkokeria er krava sette til 50 prosent. Gruppa smør- og ostemeieri har no gått heilt ut. Dei meieria som ikkje er medtekne i noka sergruppe, er samla i gruppa «blanda drift». Tabell 27 syner at talet på meieri i denne gruppa auka frå 149 i 1951 og 1952 til 171 i 1953, medan talet i gruppa «mysostkokeri» gjekk ned frå 31 til 16 frå 1952 til 1953.

Ein har nemnt meir om grupperinga i den fylgjande bolken om sergruppene. I Tabell I er meieria grupperte etter kva mjølkefett er nytta til for kvart einskild fylke og for heile riket.

Tabell 27. Meieria delte i produksjonsgrupper.

	1947	1948	1949	1950	1951	1952	1953
Mjølkesalsmeieri	46	45	44	39	51	50	46
Samlestasjonar	208	197	187	182	183	174	162
Smørmeieri	42	40	36	37	30	28	26
Fløytemeieri	17	16	15	13	12	7	6
Sætermeieri	6	6	3	3	2	1	1
Mysostkokeri	32	30	34	33	23	31	16
Smør- og ostemeieri . . .	66	59	58	74	—	—	—
Gamalostysteri	3	3	6	7	5	2	3
Meieri med blanda drift .	99	100	96	77	149	149	171
Kondenseringsfabrikkar	3	3	3	3	3	3	3
Meieri i alt	522	499	482	468	458	445	434

III. Driftsforma ved dei einskilde meieria.

I tabell I har ein delt meieria etter produksjonen i grupper som er etter måten skarpt åtskilde. Desse gruppene har det vori arbeid meir med, og ein har då komi fram til viktige medeltal for kvar driftsgruppe. I tabell XIV er det sett opp tal for produksjonen og økonomiske driftsresultat for kvart einskild meieri som har gjevi fullstendige oppgaver.

Utrekningane over mjølkeforbruket ved produksjonen er grunna på mengd mjølkefeitt i dei einskilde produkta, og ein har nytta dei feitttala som Norske Melkeprodusenters Landsforbund har sett opp til det bruk. Dei tala som gjeld no, vart nytta fyrste gong i 1952 og går ut frå ein feittprosent i kumjølka på 3.80. På det grunnlaget er det utrekna kor mange feitteiningar det går med til produksjon av eitt kg smør og av eitt kg av dei ymse osteslaga. Ein reknar fylgjande tal feitteiningar pr. kg:

Fløyte 10 prosent	10.6	feitteiningar
» 20 »	21.0	»
Krem 35 »	36.4	»
Smør	85.0	»
Sveitsarost	F. 45	40.4	»
Edamost	{ F. 45	32.0	»
Gaudaost	{ H. 30	18.8	»
Nøkkelost	{ K. 20	12.2	»
	{ M. 10	5.6	»
Normannaost	31.5	»
Ekte geitost	F.G. 33	27.0	»
Blanda geitost	B.G. 33		
Gudbrandsdalsost	G. 35	32.3	»
Heilfeit fløytemysost	F. 33	27.0	»
Halvfeit »	H. 20	16.4	»

Ved sida av nettovinninga har ein i oppgåvene både for dei einskilde gruppene og for det einskilde meieri i tabell XIV teki med oppgåve over statstilskot utrekna i øre pr. kg mjølk. Statens tilskot femner om både statens sertilskot til visse distrikt, driftstilskot og statens tilskot for inntransport av mjølk til meieri.

1. Mjølkesalsmeieri.

Dei meieria som er med i denne gruppa, har selt minst 75 prosent av mjølka i småsal (konsumsal) som mjølk og fløyte. I medeltal for heile gruppa vart 84.9 prosent av mjølka omsett på denne måten.

I 1953 var det 45 mjølkesalsmeieri, og i medeltal pr. meieri var innvegen mjølkemengd 7725 tonn. I 1952 var det 50 mjølkesalsmeieri med 7187 tonn mjølk i medel. Over halvparten av mjølkemengda ved meieria med størst mjølkemengd var komen frå andre meieri. Av overskotsmjølka er 5 prosent selt til industriforbruk, 1.9 prosent selt til andre meieri, medan 8.2 prosent er nytta til produksjon av smør og ost. I

Tabell 28. Mjølkesalsmeieria i 1953 delte i storleiksgrupper etter mjølkemengd.

Mjølkemengd pr. meieri og korleis mjølka er nytta.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Innvegen mjølkemengd pr. meieri tonn	Av det frå andre meieri pct.	Utnytting			
				Konsumsal pct.	Sal til industrifor-pct.	Sal til andre meieri pct.	Produksjon pct.
Mindre enn 500	3	289	30.0	93.5	0.4	—	6.1
500—1000 ..	4	764	32.1	87.8	3.6	0.1	8.5
1000—2000 ..	15	1 361	20.2	93.1	1.8	1.0	4.1
2000—5000 ..	11	3 089	36.1	94.4	3.7	0.3	1.6
5000 og meir .	12	24 108	59.3	83.1	5.4	2.2	9.3
Riket	45	7 725	54.4	84.9	5.0	1.9	8.2

gruppa med 2000—5000 tonn mjølkemengd er berre 1.6 prosent av mjølka nytta til produksjon. I dei andre gruppene ligg prosenten mellom 4.1 og 9.3.

Tabell 29. Driftsutgifter og nettovinning i øre pr. kg mjølk ved mjølkesalsmeieria i 1953.

Mjølkemengd i tonn	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre											Nettovinning pr. kg mjølk i øre	Av dette statens tilskot
	Løner	Pensjon, trygde-premi og sosiale utreisler	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, drifts-rekvisita og hjelpemiddel	Frakter og keyring	Kontorutgifter, skattar, assuransse m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribygg og utstyr	Vedlikehald	I alt		
Mindre enn 500	3.01	—	0.85	0.31	0.37	0.21	0.02	—	0.85	0.19	5.81	53.39	1.90
500—1000	2.27	0.08	0.73	0.53	0.23	0.62	0.04	0.03	0.18	1.58	6.29	57.18	4.76
1000—2000	3.28	0.13	0.86	0.64	1.31	0.69	0.28	0.03	1.89	0.56	9.67	63.19	10.43
2000—5000	2.66	0.08	0.68	0.86	1.05	0.64	0.17	0.11	1.71	0.78	8.74	59.94	7.29
5000 og meir	2.82	0.20	0.65	1.36	2.00	0.89	0.13	0.03	1.05	1.56	10.69	56.97	6.05
Riket	2.83	0.19	0.67	1.26	1.84	0.85	0.14	0.04	1.15	1.42	10.39	58.00	6.64

I 1953 hadde mjølkesalsmeieria ei nettovinning på 58.00 øre pr. kg mjølk, og driftsutgiftene var i medeltal 10.39 øre pr. kg. Av samla nettovinning var 6.64 øre tilskot frå staten. Storleiken av tilskota skiftar mykje etter distrikta. Den skifta og i dei ulike leverandørkrinsane etter mjølkemengda pr. leverandør (driftstilskotet). Gruppa med 1000—2000 tonn mjølkemengd har mykje høgre nettovinning, statstilskot og driftsutgifter enn dei nærmaste storleiksgruppene. Årsaka til dette er at dei tre Finnmarksmeieria er med i denne gruppa. Medeltalet for desse var i 1953 84.58 øre i nettovinning og 15.45 øre i driftsutgifter. For dei andre meieria i same gruppa var medeltala for 1953 = 58.43 øre i nettovinning og 8.53 øre i driftsutgifter. I Finnmark ligg mjølkeprisar og

statstilskot høgare enn elles, og eitt av meieria har serleg høge fraktutgifter. Elles har dei minste meieria dei lågaste driftsutgifter, men og den lågaste nettovinninga.

Tabell 30. Driftsutgiftene ved mjølkesalsmeieria i 1951, 1952 og 1953.

Driftsutgifter	1951		1952		1953	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner					2.83	27.2
Pensjon, trygdepremi og sosiale utreiser	2.79	34.3	3.35	36.9	0.19	1.8
Brensel, kraft, vatn og kjøling	0.70	8.6	0.79	8.7	0.67	6.5
Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	1.00	12.3	1.20	13.2	1.26	12.1
Frakter og køyring	1.38	17.0	1.30	14.3	1.84	17.7
Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	0.69	8.5	0.83	9.1	0.85	8.2
Renter av gjeld	—	—	—	—	0.14	1.3
Forrentning av partskapital ¹	—	—	—	—	0.04	0.4
Avskrivning på meieribygge og utstyr ¹	—	—	—	—	1.15	11.1
Vedlikehald	1.57	19.3	1.62	17.8	1.42	13.7
I alt	8.13	100.0	9.09	100.0	10.39	100.0

¹ Ikkje tekne med under driftsutgiftene fram til 1952.

2. Samlestasjonar.

Dei meieria som er med i denne gruppa tek imot mjølk og fløyte frå beinveges leverandørar og sender ho til eit av dei store sentralmeieria.

Tabell 31. Samlestasjonane i 1953 delte i storleiksgrupper etter mjølkemengd. Mjølkemengd pr. meieri, driftsutgifter og nettovinning i øre pr. kg mjølk.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Innvegen mjølkemengd pr. meieri tonn	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre										Nettovinning pr. kg mjølk i øre	Av dette statens tilskot	
			Løner	Pensjon, trygdepremi og sosiale utreiser	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	Frakter og køyring	Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribygge og utstyr	Vedlikehald			I alt
Mindre enn 250	44	143	2.16	0.05	0.44	0.16	0.54	0.33	0.06	0.08	0.32	0.38	4.52	54.75	5.50
250—500	23	531	1.65	0.05	0.27	0.19	1.36	0.26	0.03	0.04	0.17	0.27	4.29	54.31	4.19
500—1000	49	726	1.36	0.04	0.33	0.16	1.45	0.22	0.06	0.04	0.35	0.23	4.24	53.56	2.94
1000—2000	18	1 245	1.31	0.06	0.49	0.13	0.91	0.38	0.06	0.02	0.51	0.36	4.23	51.62	2.12
2000 og meir.	18	3 533	1.20	0.06	0.32	0.18	0.85	0.23	0.03	—	0.66	0.26	3.79	52.62	1.74
Riket	152	922	1.34	0.06	0.35	0.16	1.04	0.26	0.04	0.02	0.50	0.28	4.05	52.94	2.49

Samlestasjonane har noko småsal av mjølk på staden, men dei har ikkje nokon produksjon av smør og ost.

Samlestasjonane er ikkje tekne med i tabell XIV I 1953 var det 152 samlestasjonar mot 174 i 1952. Tabell 31 syner nokre medeltal for gruppa. Innvegen mjølk pr. meieri var 922 tonn i 1953 mot 834 tonn i 1952. I medeltal hadde gruppa ei nettovinning på 52.94 øre pr. kg mjølk og ei driftsutgift på 4.05 øre pr. kg. Av samla nettovinning var 2.49 øre tilskot frå staten. Den minste gruppa (mindre enn 250 tonn mjølk) har dei høgaste driftsutgiftene pr. kg mjølk. Driftsutgiftene i øre pr. kg mjølk går nemleg jamt nedover med auka mjølkemengd. Nettovinninga syner og same tendensen, men byrjar stiga att for dei største mjølkestasjonane (gruppa 2000 tonn og meir). Dei høge stats-tilskota for dei minste gruppene heng saman med at ein fyrst og fremst finn desse småstasjonane i Hordaland der mjølkeprodusentane forutan driftstilskot og har krav på eit ekstra statstilskot til fjord- og fjellbygder i Sør-Noreg.

Tabell 32. Driftsutgiftene ved samlestasjonane i 1951, 1952 og 1953.

Driftsutgifter	1951		1952		1953	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner					1.34	33.1
Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	1.12	35.3	1.32	38.6	0.06	1.5
Brensel, kraft, vatn og kjøling	0.31	9.7	0.36	10.5	0.35	8.6
Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	0.14	4.4	0.14	4.1	0.16	4.0
Frakter og køyring	1.09	34.3	1.07	31.3	1.04	25.7
Kontorutgifter, skattar, assuranse m. m.	0.15	4.7	0.18	5.2	0.26	6.4
Renter av gjeld					0.04	1.0
Forrentning av partskapital ¹	—	—	—	—	0.02	0.5
Avskrivning på meieribygge og utstyr ¹	—	—	—	—	0.50	12.3
Vedlikehald	0.37	11.6	0.35	10.3	0.28	6.9
I alt	3.18	100.0	3.42	100.0	4.05	100.0

¹ Ikkje tekne med under driftsutgiftene fram til 1952.

3. Smørmeieri.

Denne gruppa femner om dei meieria som skuma minst 75 % av mjølka og kinna smør av fløyten. Det er inga skarp grense mellom denne gruppa og den etterfylgjande gruppa for fløytemeieri. I mange høve kan det difor vera vanskeleg å skilja mellom dei. Ved det skiljet som er nytta her, har føresetnaden vori at ved fløytemeieria må den

innvegne fløytemengda omrekna til heilmjøl, vera minst to tredje-partar av den totale innvegne mjølkemengda rekna som heilmjøl. Skumamjøl og saup blir i stor mon returnert gratis. Dette gjeld serleg for dei små smørmeieria på Vestlandet. Når skumamjøl og saup blir returnert gratis, kjem ikkje verdet av dette med i nettovinninga. Ein må vera merksam på dette når ein skal samanlikna med andre meieri-grupper. Sjå meir om dette i bolken om det økonomiske resultatet av meieridrifta.

I 1953 var det 26 smørmeieri mot 28 i 1952.

Tabell 33. Smørmeieria i 1953 delte i storleiksgrupper etter mjølkemengd. Mjølkemengd pr. meieri og korleis mjølka er nytta.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Innvegen mjølke- mengd pr. meieri tonn	Av det fløyte utrekna som heilmjøl pct.	Feittpct i kumjølka	Utnytting					Kg smør pr. 100 kg heilmjøl til produksjon	Pct. av returnert skumamjøl og saup ¹	Pct. gratis re- turnert skuma- mjøl og saup ¹
					Sal til konsum pct.	Sal til industribruk pct.	Sal til andre meieri pct.	Smørproduk- sjon pct.	Annan produk- sjon pct.			
Mindre enn 500	3	233	—	3.69	3.7	—	—	96.3	—	4.20	88.0	27.9
500—1000	4	776	0.5	3.91	7.9	0.2	0.2	91.7	—	4.45	85.6	37.6
1000 og meir ..	19	1 893	4.7	3.95	8.1	0.3	4.0	87.0	0.6	4.58	76.6	22.4
Riket	26	1 529	4.3	3.94	8.0	0.3	3.7	87.5	0.5	4.56	77.5	23.6

¹ Prosenten er utrekna av innvegen mjølkemengd i alt.

I medel for heile gruppa vart 87.5 prosent av mjølka nytta til smør-produksjon, 12 prosent var konsum- og industrisal og sal til andre meieri og 0.5 prosent vart nytta til annan produksjon.

Mengda av gratis returnert skumamjøl og saup er relativt størst ved dei mindre meieria. Oppgåva syner vidare at dei største meieria fekk meir smør pr. 100 kg heilmjøl enn dei små meieria. Dette kjem truleg mest av at dei store meieria har betre teknisk utstyr enn dei små meieria. I medel for 1953 fekk ein 4.56 kg smør pr. 100 kg mjøl med 3.94 prosent feitt i mjølka. Tilsvarende tal for 1952 var 4.54 og 3.88 prosent.

I medel for 1953 hadde smørmeieria ei nettovinning på 53.75 øre pr. kg og ei driftsutgift på 6.08 øre pr. kg.

Dei to minste storleiksgruppene har lågast nettovinning, men og dei lågaste driftsutgiftene i øre pr. kg. Dette kjem mellom anna av at dei minste meieria returnerer skumamjøl og saup gratis i større mon enn dei store meieria. Ein kan vidare rekna med at dei største meieria får

Tabell 34. Driftsutgifter og nettovinning i øre pr. kg mjølk ved smørmeieria i 1953.

Mjølkemengd i tonn	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre										Nettovinning pr. kg mjølk i øre	Av dette statens tilskot	
	Løner	Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	Frakter og køyring	Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribbygg og utstyr	Vedlikehald			I alt
Mindre enn 500	3.06	0.09	1.48	0.67	0.06	0.18	0.01	—	—	0.09	5.64	50.65	5.65
500—1000 .	2.06	0.07	0.78	0.47	0.10	0.24	0.16	—	1.20	0.59	5.67	50.43	10.10
1000 og meir	1.79	0.07	0.70	0.57	0.16	0.32	0.20	0.02	1.68	0.61	6.12	54.11	6.58
Riket	1.83	0.07	0.72	0.57	0.15	0.31	0.19	0.02	1.62	0.60	6.08	53.75	6.85

dei høgste prisane av di dei ligg nærmast stader med god avsetnad og såleis har dei beste salstilhøva i det heile. Tilskota frå staten utgjorde i medel for heile gruppa 6.85 øre pr. kg innvegen mjølk.

Tabell 35. Driftsutgiftene ved smørmeieria i 1951, 1952 og 1953.

Driftsutgifter	1951		1952		1953	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner	1.71	40.3	2.13	42.2	1.83	30.1
Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler					0.07	1.2
Brensel, kraft, vatn og kjøling . .	0.63	14.9	0.76	15.0	0.72	11.8
Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	0.56	13.2	0.80	15.8	0.57	9.4
Frakter og køyring	0.40	9.4	0.24	4.8	0.15	2.5
Kontorutgifter, skattar, assurance m.m.	0.33	7.8	0.40	8.0	0.31	5.1
Renter av gjeld					0.19	3.1
Forrentning av partskapital ¹ . . .	—	—	—	—	0.02	0.3
Avskrivning på meieribbygg og utstyr ¹	—	—	—	—	1.62	26.6
Vedlikehald	0.61	14.4	0.72	14.2	0.60	9.9
I alt	4.24	100.0	5.05	100.0	6.08	100.0

¹ Ikkje tekne med under driftsutgiftene fram til 1952.

4. Fløytemeieri.

Denne gruppa femner om dei meieria som tek mot minst to tredjepartar av den innvegne mjølkemengda som fløyte, og nyttar minst 75 prosent av feittet til smørproduksjon. Fløyten er omrekna til heilmjølk

med feittprosent svarande til feittprosenten i mjølka som leverandørkrinsen og leverer.

Tabell 36. Fløytemeieria i 1953 delte i storleiksgrupper etter mjølkemengd. Mjølkemengd pr. meieri og korleis mjølka er nytta.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Innvegen mjølkemengd pr. meieri tonn	Av det fløyte utrekna som heilmjolk pct.	Feittpct. i heilmjolk	Utnytting					Kg smør pr. 100 kg heilmjolk til produksjon	Pct. av returnert skumamjolk og saupi	Pct. gratis returnert skumamjolk og saupi
					Sal til konsum pct.	Sal til industri- og forbruk pct.	Sal til andre meieri pct.	Smørproduksjon pct.	Annan produksjon pct.			
250—1000 ...	3	705	88.8	3.81	12.0	—	—	88.0	—	4.27	83.3	76.0
1000 og meir ..	2	2 221	90.3	4.21	5.6	0.3	2.2	91.9	—	4.12	84.1	74.9
Riket	5	1 311	89.8	4.10	7.6	0.2	1.5	90.7	—	4.17	83.8	75.3

¹ Prosenten er utrekna av innvegen mjølkemengd.

I 1953 var det 6 fløytemeieri, men berre 5 går inn i tabell 36 mot 6 i 1952. Storleiken på fløytemeieria svarar i medel til 1311 tonn heilmjolk pr. meieri mot 1232 tonn i 1952. Av dette var 89.8 prosent innvegen som fløyte. Smørutbyttet pr. 100 kg utrekna heilmjolk til produksjon er i medel for heile gruppa 4.17 kg.

Tabell 37. Driftsutgifter og nettovinning i øre pr. kg mjolk ved fløytemeieria i 1953.

Mjølkemengd i tonn	Driftsutgifter pr. kg mjolk i øre										Nettovinning pr. kg mjolk i øre	Av dette statens tilskot	
	Løner	Pensjon, trygdepreni og sosiale utreisier	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	Frakter og køyring	Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribygg og utstyr	Vedlikehald			I alt
250—1000	2.31	0.08	0.56	0.45	0.09	0.50	0.01	—	0.85	0.28	5.13	50.93	9.50
1000 og meir	2.21	0.05	0.32	0.79	0.13	0.27	—	—	0.18	0.73	4.68	52.25	7.80
Riket	2.25	0.06	0.40	0.68	0.12	0.35	—	—	0.39	0.58	4.83	51.82	8.36

I medel for 1953 hadde fløytemeieria ei nettovinning på 51.82 øre pr. kg heilmjolk. Ved samanlikning med andre grupper må ein taka omsyn til at verdet av magermjolk etter fløytelevering ikkje kjem med i nettovinninga for fløytemeieria. Dei største meieria syner den høgaste

nettovinninga og dei lågaste driftsutgiftene. Tilskota frå staten er monaleg store og størst for dei minste meieria. Dei er som tidlegare nemnt bunden av meieriet sitt lægje og mjølkemengda pr. leverandør.

Tabell 38. Driftsutgiftene ved fløytemeieria i 1951, 1952 og 1953.

Driftsutgifter	1951		1952		1953	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner					2.25	46.6
Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	1.75	36.2	1.94	43.5	0.06	1.2
Brensel, kraft, vatn og kjøling ...	0.43	8.9	0.38	8.5	0.40	8.3
Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	0.62	12.8	0.51	11.4	0.68	14.1
Frakter og køyring	0.66	13.7	0.59	13.2	0.12	2.5
Kontorutgifter, skattar, assuranse m. m.	0.28	5.8	0.30	6.8	0.35	7.2
Renter av gjeld	—	—	—	—	—	—
Forrentning av partskapital ¹ ...	—	—	—	—	—	—
Avskrivning på meieribygge og utstyr ¹	—	—	—	—	0.39	8.1
Vedlikehald	1.09	22.6	0.74	16.6	0.58	12.0
I alt	4.83	100.0	4.46	100.0	4.83	100.0

¹ Ikkje tekne med under driftsutgiftene fram til 1952.

Både relativt og absolutt har det vori stigning av utgiftene til løner. For 1953 var desse heile 47.8 prosent av alle driftsutgifter.

5. Sætermeieri.

Denne gruppa har med meieri som får all mjølka si frå sætrar. Driftstida blir difor svært stutt, til vanleg berre frå 2½ til 4½ månad. Statistikken har i 1953 berre med 1 sætermeieri på Vestlandet, og driftstida var 4 månader.

6. Mysostkokeri.

Denne gruppa femner om dei meieria som nyttar minst 50 prosent av mjølka til produksjon av ekte og blanda geitost. Ostestoffet blir i stor mon nytta til kasein. I 1953 var det 16 mysostkokeri med i denne gruppa mot 30 i 1952. I medel var det 2490 tonn innvegen mjølk pr. meieri mot 2382 tonn i 1952. Den store nedgangen i talet på mysostkokeri kjem av overgang til gruppa «meieri med blanda drift». I medel

Tabell 39. Mysostkokeria i 1953 delte i storleiksgrupper etter mjølkemengd.

Mjølkemengd pr. meieri og korleis mjølka er nytta.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Innv. mjølk pr. meieri i tonn		Feittpct. i		Utnytting						Pct. returnert skummjølk og saup
		I alt	Av det pct. geitemjølk	Kumjølk	Geitemjølk	Konsumsal pct.	Sal til industriforbruk pct.	Sal til andre meieri pct.	Smørproduksjon pct.	Mysostproduksjon pct.		
Mindre enn 2000	7	1 262	21.8	3.90	3.18	4.4	—	6.5	24.9	64.2	15.9	
2000—3000 . . .	4	2 309	12.0	3.87	3.49	10.6	0.1	20.1	17.1	52.1	23.0	
3000 og meir . .	5	4 353	12.3	3.83	3.39	6.5	—	18.1	17.8	57.6	17.1	
Riket	16	2 490	14.3	3.85	3.34	7.0	—	16.1	19.2	57.7	18.2	

for alle mysostkokeri vart 57.7 prosent av mjølkefeittet nytta til produksjon av ekte og blanda geitost og mysost mot 64.4 prosent i 1952. Grappa nyttar i alt 19.2 prosent av mjølkefeittet til produksjon av smør.

Tabell 40. Driftsutgifter og nettovinning i øre pr. kg mjølk ved mysostkokeria i 1953.

Mjølkemengd i tonn	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre											Nettovinning pr. kg mjølk i øre	Av dette statens tilskot
	Løner	Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	Frakter og køyring	Kontorutgifter, skattar, assuransse m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribygg og utstyr	Vedlikehald	I alt		
Mindre enn 2000	4.37	0.10	3.02	1.55	0.43	0.48	0.23	0.06	1.60	1.00	12.84	63.40	7.46
2000—3000	3.57	0.30	2.54	1.26	0.14	0.39	0.17	0.03	1.60	0.37	10.37	59.16	6.30
3000 og meir	3.26	0.23	2.51	1.31	0.61	0.32	0.16	—	1.22	1.10	10.72	64.55	7.66
Riket	3.58	0.22	2.63	1.35	0.46	0.37	0.18	0.02	1.39	0.91	11.11	63.00	7.29

Tabell 40 syner at storleiksgruppa med mindre enn 2000 tonn mjølk har høgere nettovinning enn gruppa 2000—3000 tonn, men og dei største driftsutgiftene. Den høge nettovinninga kjem mellom anna av at den minste gruppa har 21.8 prosent geitemjølk mot 12 prosent og 12.3 prosent hos dei andre gruppene. I medel for heile gruppa var nettovinninga 63.00 øre pr. kg mjølk og driftsutgiftene 11.11 øre pr. kg. Tilskota frå staten var etter måten store, i medel 7.29 øre pr. kg mjølk. Dei fleste kokeria ligg nemleg i bygder som har fjell- og fjordbygdtilskot på mjølka.

Tabell 41. Driftsutgiftene ved mysostkokeria i 1951, 1952 og 1953.

Driftsutgifter	1951		1952		1953	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner					3.58	32.2
Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	3.33	36.0	3.72	36.4	0.22	2.0
Brensel, kraft, vatn og kjøling	2.50	27.0	3.05	29.9	2.63	23.7
Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	1.30	14.1	1.45	14.2	1.35	12.2
Frakter og køyring	0.41	4.4	0.25	2.4	0.46	4.1
Kontorutgifter, skattar, assuranse m. m.	0.38	4.1	0.50	4.9	0.37	3.3
Renter av gjeld					0.18	1.6
Forrentning av partskapital ¹	—	—	—	—	0.02	0.2
Avskrivning på meieribygge og utstyr ¹	—	—	—	—	1.39	12.5
Vedlikehald	1.33	14.4	1.24	12.2	0.91	8.2
I alt	9.25	100.0	10.21	100.0	11.11	100.0

¹ Ikkje tekne med under driftsutgiftene fram til 1952.

7. Gamalostysteri.

I denne gruppa har ein teki med dei meieria som nyttar mesteparten av mjølka til kinning og ystar gamalost av skumamjølka. I 1953 var det med berre 3 gamalostysteri og i 1952 berre 2. Det er difor ikkje rekna ut medeltal for denne gruppa.

8. Meieri med blanda drift.

I denne gruppa har ein samla dei meieria som ikkje kjem med i noka av dei andre gruppene. Drifta ved desse meieria blir difor meir ujamn enn ved dei andre meieria.

Frå 1938 fram til og med 1950 vart denne gruppa delt i to undergrupper, og grensa mellom dei var sett ved 40 prosent mjølkesal. I 1951 vart smør- og ostemeieria tekne med i gruppa for blanda drift. Ein fann det då naudsynt å dela gruppa i tre undergrupper etter mengda av mjølkesalet. Grensa mellom dei vart sett slik: Meir enn 50 prosent, mellom 25—50 prosent og mindre enn 25 prosent mjølkesal. Ein reknar då med sal både til konsum, industriforbruk og til andre meieri.

a) Meieri med meir enn 50 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa kjem nær opp til dei reine mjølkesalsmeieria. I medel har dei selt 70.1 prosent av mjølkemengda til konsum, industriforbruk eller til andre meieri.

Tabell 42. Meieri med blanda drift med meir enn 50 prosent mjølkesal i 1953 delte i storleiksgrupper etter mjølkemengd.

Mjølkemengd pr. meieri og korleis mjølka er nytta.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Mjølk pr. meieri i medel tonn	Feittpet. i mjølka	Utnytting			
				Konsumsal pct.	Sal til industriforbruk pct.	Sal til andre meieri pct.	Produksjon pct.
Mindre enn 1000	9	696	3.91	37.8	10.4	26.9	24.9
1000—2000	12	1 531	3.95	39.8	2.7	30.8	26.7
2000—5000	14	3 081	3.95	34.8	1.9	31.9	31.4
Meir enn 5000 . .	18	11 260	3.93	54.8	3.3	11.9	30.0
Riket	53	5 103	3.93	50.3	3.2	16.6	29.9

Tabell 43. Driftsutgifter og nettovinning i øre pr. kg mjølk ved meieri med blanda drift med meir enn 50 prosent mjølkesal i 1953.

Mjølkemengd i tonn	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre										Nettovinning pr. kg mjølk i øre	Av dette statens tilskot	
	Løner	Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	Frakter og køyring	Kontorutgifter, skattar, assuransse m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribygge og utstyr	Vedlikehald			I alt
Mindre enn 1000	3.22	0.20	1.04	0.63	0.49	0.56	0.07	0.03	0.94	0.71	7.89	56.49	9.64
1000—2000	2.79	0.13	0.97	0.58	0.37	0.47	0.20	0.07	1.53	0.93	8.04	55.08	6.78
2000—5000	2.62	0.11	0.84	0.65	0.48	0.49	0.13	0.07	1.28	0.64	7.31	55.76	5.81
Meir enn 5000 . . .	3.07	0.20	0.76	1.00	1.03	0.47	0.07	0.10	0.70	1.08	8.48	54.16	2.78
Riket	2.99	0.18	0.80	0.91	0.88	0.47	0.09	0.09	0.85	0.99	8.25	54.53	3.70

b) Meieri med 25 til 50 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa har i medel selt 41.5 prosent av mjølkemengda til konsum, industriforbruk eller til andre meieri.

Tabell 44. Meieri med blanda drift med 25 til 50 prosent mjølkesal i 1953 delte i storleiksgrupper etter mjølkemengd.

Mjølkemengd pr. meieri og korleis mjølka er nytta.

Mjølkemengd i tonn	Meieri som er med	Mjølk pr. meieri i medel tonn	Feittpet. i mjølka	Utnytting			
				Konsumsal pct.	Sal til industriforbruk pct.	Sal til andre meieri pct.	Produksjon pct.
Mindre enn 1000	4	809	3.80	31.6	—	6.2	62.2
1000—2000	16	1 557	3.86	29.4	2.2	9.3	59.1
2000—5000	24	3 035	3.90	26.7	0.5	11.5	61.3
Meir enn 5000 . . .	10	9 884	3.96	32.0	2.3	9.4	56.3
Riket	54	3 700	3.92	29.8	1.6	10.1	58.5

Tabell 45. Driftsutgifter og nettovinning i øre pr. kg mjølk ved meieri med blanda drift med 25 til 50 prosent mjølkesal i 1953.

Mjølkekemengd i tonn	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre											Nettovinning pr. kg mjølk i øre	Av dette statens tilskot
	Løner	Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	Frakter og køyring	Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribygge og utstyr	Vedlikehald	I alt		
Mindre enn 1000	3.32	0.02	0.89	0.63	0.22	0.45	0.33	—	1.44	0.25	7.55	52.80	9.01
1000—2000	3.38	0.08	1.35	1.07	0.50	0.46	0.45	0.03	2.06	0.83	10.21	54.62	9.64
2000—5000	3.00	0.11	1.17	0.95	0.39	0.49	0.21	0.04	1.42	0.75	8.53	55.00	6.37
Meir enn 5000	2.86	0.19	0.89	0.90	0.69	0.51	0.18	0.07	1.03	1.06	8.38	56.83	4.96
Riket	2.98	0.14	1.05	0.93	0.55	0.50	0.23	0.05	1.31	0.91	8.65	55.83	6.11

c) Meieri med mindre enn 25 prosent mjølkesal.

Meieria i denne gruppa har i medel selt 15.9 prosent av mjølkemengda, medan 84.1 prosent er nytta i smør- og osteproduksjonen.

Tabell 46. Meieri med blanda drift med mindre enn 25 prosent mjølkesal i 1953 delte i storleiksgrupper etter mjølkekemengd. Mjølkekemengd pr. meieri og korleis mjølka er nytta.

Mjølkekemengd i tonn	Meieri som er med	Mjølke pr. meieri i medel tonn	Feittppt. i mjølka	Utnytting			
				Konsumsal pct.	Sal til industriforbruk pct.	Sal til andre meieri pct.	Produksjon pct.
Mindre enn 1000	4	425	3.90	4.4	13.1	2.0	80.5
1000—2000	11	1 611	3.86	8.6	—	4.5	86.9
2000—5000	38	3 134	4.03	8.5	0.6	5.1	85.8
Meir enn 5000	9	6 852	4.08	8.7	0.2	10.6	80.5
Riket	62	3 229	4.03	8.6	0.5	6.8	84.1

Ei samanlikning mellom dei tre gruppene med blanda drift syner at nettovinninga, men og driftsutgiftene er størst for gruppa med 25 til 50 prosent mjølkesal. Dette kjem truleg av at tilskota frå staten på grunn av lægje og transporttilhøve er monaleg større for denne gruppa enn for dei andre 2 gruppene. Ein må elles vera varsam med å samanlikna tala for desse gruppene, då drifta er meir ujamn enn for dei andre sergruppene.

Tabell 47. Driftsutgifter og nettovinning i øre pr. kg mjølk ved meieri med blanda drift med mindre enn 25 prosent mjølkesal i 1953.

Mjølke­mengd i tonn	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre										I alt	Nettovinning pr. kg mjølk i øre	Av dette statens tilskot
	Løner	Pensjon, trygde- premi og sosiale utreisler	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, drifts- rekvisita og hjelpe- midde­lar	Frakter og køy­ring	Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribygge og utstyr	Vedlikehald			
Mindre enn 1000	4.92	0.12	1.24	1.66	0.15	0.72	0.05	0.01	0.34	0.33	9.54	53.11	2.91
1000—2000	3.54	0.17	1.37	1.30	0.30	0.40	0.15	0.02	1.67	0.55	9.47	54.29	4.12
2000—5000	2.91	0.17	1.24	0.99	0.18	0.36	0.33	0.02	1.68	0.76	8.64	54.69	5.00
Meir enn 5000	2.41	0.25	1.09	1.04	0.29	0.34	0.14	0.01	1.21	0.81	7.59	53.33	2.32
Riket	2.83	0.19	1.21	1.04	0.22	0.36	0.25	0.02	1.53	0.75	8.40	54.72	4.09

Tabell 48. Driftsutgiftene ved alle meieri med blanda drift i 1951, 1952 og 1953.

Driftsutgifter	1951		1952		1953	
	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.	Øre pr. kg	Pct.
Løner	2.64	38.7	3.06	40.0	2.94	35.0
Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler					0.17	2.0
Brensel, kraft, vatn og kjøling	1.00	14.6	1.09	14.2	0.99	11.8
Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	1.01	14.8	1.14	14.9	0.95	11.3
Frakter og køyring	0.70	10.2	0.78	10.2	0.59	7.0
Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	0.48	7.0	0.55	7.2	0.45	5.4
Renter av gjeld					0.18	2.1
Forrentning av partskapital ¹	—	—	—	—	0.06	0.7
Avskrivning på meieribygge og utstyr ¹	—	—	—	—	1.19	14.1
Vedlikehald	1.00	14.7	1.03	13.5	0.89	10.6
I alt	6.83	100.0	7.65	100.0	8.41	100.0

¹ Ikkje tekne med under driftsutgiftene fram til 1952.

9. Hovudtal for produksjonsgruppene.

I dei fylgjande tabellar har ein samla nokre av dei viktigaste økonomiske oppgåvene for dei einskilde produksjonsgruppene. Ein har sett saman detaljoppgåvene for 1953 for kvar gruppe så dei kan samanliknast, og ein har oppgåver over nettovinninga og driftsutgiftene i øre pr. kg mjølk.

Tabell 49. Driftsresultata i 1953 for dei einskilde produksjonsgruppene.

Produksjonsgruppe	Meieri som er med	Innvegen mjølk pr. meieri tonn	Driftsutgifter pr. kg mjølk i øre										Nettovinning pr. kg mjølk i øre	Av dette statens tilskot	
			Løner	Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	Frakter og køyring	Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribbygg og utstyr	Vedlikehald			I alt
Mjølkesalsmeieri	45	7 725	2.83	0.19	0.67	1.26	1.84	0.85	0.14	0.04	1.15	1.42	10.39	58.00	6.64
Samlestasj.	152	922	1.34	0.06	0.35	0.16	1.04	0.26	0.04	0.02	0.50	0.28	4.05	52.94	2.49
Smørmeieri	26	1 529	1.83	0.07	0.72	0.57	0.15	0.31	0.19	0.02	1.62	0.60	6.08	53.75	6.85
Fløytemeieri	5	1 311	2.25	0.06	0.40	0.68	0.12	0.35	—	—	0.39	0.58	4.83	52.16	8.70
Mysostkokeri	16	2 490	3.58	0.22	2.63	1.35	0.46	0.37	0.18	0.02	1.39	0.91	11.11	63.00	7.29
Meieri med blanda drift	169	3 967	2.94	0.17	0.99	0.95	0.59	0.45	0.18	0.06	1.19	0.89	8.41	54.98	4.54

I bolkanen om smør- og fløytemeieri er det nemnt at når ein samanliknar desse gruppene med andre produksjonsgrupper, må verdet av gratis returnert skumamjølk og saup og magermjølk etter fløytelevering koma i tillegg til utrekna nettovinning.

Det har tidlegare vore nemnt at ein for dei einskilde produksjonsgruppene ikkje har endra eldre oppgåver for nettovinning og driftsutgifter i samsvar med det nye omfanget av driftsutgiftene frå og med 1953. Forrentning av partskapital og avskrivning på meieribbygg og -utstyr vart nemleg ikkje medtekne under driftsutgiftene fram til 1952.

For samanlikninga si skuld mellom 1952 og 1953 skal ein difor opplysa at i 1952 utgjorde desse postane for alle produksjonsgrupper under

Tabell 50. Den relative fordelinga av driftsutgiftene i 1953 for dei einskilde produksjonsgruppene.

Produksjonsgruppe	Løner	Pensjon, trygdepremi og sosiale utreisler	Brensel, kraft, vatn og kjøling	Emballasje, driftsrekvisita og hjelpemiddel	Frakter og køyring	Kontorutgifter, skattar, assurance m. m.	Renter av gjeld	Forrentning av partskapital	Avskrivning på meieribbygg og utstyr	Vedlikehald	Utgifter i alt
Mjølkesalsmeieri	27.2	1.8	6.5	12.1	17.7	8.2	1.3	0.4	11.1	13.7	100.0
Samlestasjonar	33.1	1.5	8.6	4.0	25.7	6.4	1.0	0.5	12.3	6.9	100.0
Smørmeieri	30.1	1.2	11.8	9.4	2.5	5.1	3.1	0.3	26.6	9.9	100.0
Fløytemeieri	46.6	1.2	8.3	14.1	2.5	7.2	—	—	8.1	12.0	100.0
Mysostkokeri	32.2	2.0	23.7	12.2	4.1	3.3	1.6	0.2	12.5	8.2	100.0
Meieri med blanda drift	35.0	2.0	11.8	11.3	7.0	5.4	2.1	0.7	14.1	10.6	100.0

eitt 1.20 øre pr. kg mjølk. Dvs. at dei tidlegare offentleggjorte tala for driftsutgifter i 1952 i alt går opp med 1.20 øre pr. kg og nettovinninga går tilsvarende ned.

Tabell 51. Nettovinninga i øre pr kg mjølk for dei einstilte produksjonsgruppene i åra 1946 til 1953.

Produksjonsgruppe	1946	1947	1948	1949	1950	1951	1952	1953 ¹
Mjølkesalsmeieri	40.47	46.70	47.78	48.21	50.13	49.94	54.83	58.00
Samlestasjonar	40.78	44.37	45.82	46.50	46.04	48.40	52.77	52.94
Smørmeieri	37.78	41.18	42.56	43.73	44.65	47.42	52.61	53.75
Fløytemeieri	37.79	42.99	42.88	42.59	43.81	42.31	52.74	52.16
Sætermeieri	59.90	86.30	88.90	88.40	81.18	92.04	—	—
Mysostkokeri	43.45	47.51	50.05	48.84	50.08	51.99	58.64	63.00
Gamalostysteri	38.17	44.37	46.07	49.14	48.68	52.11	—	56.15
Meieri med blanda drift	41.69	45.44	46.18	46.90	46.90	49.46	54.21	54.98

¹ Kan ikkje utan vidare samanliknast med tidlegare år av di omfanget av driftsutgiftene vart endra i 1953.

Tabell 52. Driftsutgiftene¹ i øre pr. kg mjølk for dei einstilte produksjonsgruppene for åra 1946 til 1953

Produksjonsgruppe	1946	1947	1948	1949	1950	1951	1952	1953
Mjølkesalsmeieri	4.55	4.98	4.81	4.60	5.11	8.13	9.09	10.39
Samlestasjonar	2.67	2.97	2.94	2.91	3.21	3.18	3.42	4.05
Smørmeieri	3.90	3.38	3.59	3.27	3.48	4.24	5.05	6.08
Fløytemeieri	3.01	3.06	2.93	2.98	4.07	4.83	4.46	4.83
Sætermeieri	9.97	10.60	10.55	12.41	10.90	11.29	—	—
Mysostkokeri	6.12	6.55	6.78	7.27	7.90	9.25	10.21	11.11
Gamalostysteri	5.62	4.35	4.21	5.14	5.27	5.88	—	9.89
Meieri med blanda drift	4.42	4.74	5.55	5.17	5.38	6.83	7.65	8.41

¹ Renter av partskapital og avskrivningar ikkje medtekne i driftsutgiftene for 1953.

IV. Investeringar i meieridrifta.

I 1953 vart det brukt 50.0 mill. kr. til investeringar ved meieria mot 49.6 mill. kr. i 1952. Av investeringane i 1953 gjekk 37.4 mill. kr. til utstyr av alle slag, hus o. a., og 12.6 mill. kr. var utgifter til vøling. I tabellane XV og XVI er utgiftene til dei einstilte investeringspostane spesifiserte for kvart fylke.

Frå 1952 til 1953 gjekk utgifter til utstyr av alle slag, hus o. a. ned med om lag 2.3 mill. kr. Størst nedgang syner utgiftene til meieri, lager- og kontorbygg som minka med 2.3 mill. kr. Dernest gjekk investeringane i maskinar, reiskapar o. a. for meieridrifta ned med 1.5 mill. kr. Investeringane i bilar auka med 0.7 mill. kr. frå 1952 til 1953. Utgifter til vølings- og vedlikehaldsarbeid auka med 2.7 mill. kr. frå 9.9

Tabell 53.

Investeringar i 1953.

	Utgifter til alle slag utstyr, hus, byggearbeid o. a.	Utgifter til vøling	I alt	Av dette til kjøp av brukte maskinar, bilar o. a. og hus tidlegare nytta av andre
Maskinar, maskindelar, apparat og reiskapar som blir brukte gjennom fleire år, inklusive montasje				
a) for meieridrifta	18 267 900	8 010 891	26 278 791	112 423
b) for anna verksemd	1 175 961	393 161	1 569 122	—
Bilar	2 296 229	1 218 211	3 514 440	17 000
Andre transportmiddel	125 384	3 276	128 660	—
Inventar og kontormaskinar	803 761	65 800	869 561	—
Hus for meierifolka	961 533	268 957	1 230 490	—
Sosiale velferdsføremål	206 284	12 846	219 130	—
Meieri-, lager- og kontorbygg	12 477 212	2 623 647	15 100 859	10 000
Anna industriell verksemd	630 306	964	631 270	—
Tomter og annan naturherlegdom	445 555	5 500	451 055	—
Sum investeringar 1953	37 390 125	12 603 253	49 993 378	139 423
» » 1952	39 701 700	9 866 746	49 568 446	369 798
» » 1951	36 831 093	9 481 994	46 313 087	244 756
» » 1950	29 841 864	8 165 574	38 007 438	253 590

mill. kr. i 1952 til 12,6 mill. kr. i 1953. Den største auken her fell på vøling av meierimaskinar og -reiskapar som gjekk opp med 2,2 mill. kr.

I investeringssummane er medrekna løn til eigne folk for arbeid med montering og vøling. For arbeid med maskinar, transportmiddel, inventar o. a. var løna til eigne folk kr. 1 116 619 og for arbeid med hus o. a. var løna kr. 476 246. Til kjøp av nye maskinar produserte i Noreg var det brukt kr. 7 244 505. Pr. 1. januar 1954 var det betalt kr. 892 714 i forskot på maskinar tinga utalands, men ikkje mottekne til den tid.

V. Partskapital og realkapital ved meieria ved utgangen av 1953.

Oppgåver over partskapital, branntrygdeverd av bygningar og utstyr, verd av innkjøpte råstoffer, brensel og driftsmiddel, lager av meierivarer og full verd av ikkje trygda fast eigedom som tomter, fossar m. v., vart innhenta fyrste gongen ved utgangen av 1949. Oppgåvene for 1949 er prenta i Statistiske meldinger 1951, nr. 3. Tidlegare var det til meieristatistikken innhenta oppgåver over branntrygdeverd av meieria utanom verd av lager for åra 1925, 1926, 1930 og 1935. For alle meieria var samla branntrygdeverd etter desse oppgåvene i alt om lag 60 mill. kr. Det var små brigde i summane frå det eine året til det andre. Oppgåvene over branntrygdeverd for desse åra er medtekne i statistikken for det einskilde år.

I dei eldre oppgåvene over meieridrifta bygd på materiale frå «Amt-

mændenes Femaarsberetninger» er det gjevi nokre opplysningar om meieria sitt rekneskapsverde kvart femte år frå 1900 fram til 1920. Desse oppgåvene var diverre ikkje fullstendige av di det vanta opplysningar om verdet av ysteria.

Partskapitalen ved meieria var i 1953 31.6 mill. kr. mot 25.2 mill. kr. i 1949. Det er ein auke på 6.4 mill. kr. eller 25.6 prosent frå 1949. Oppgåvene over partskapitalen og alle andre oppgåver i denne bolken om trygdeverd og verd av lager gjeld tidspunktet ved utgangen av året både for 1949 og 1953.

Branntrygdeverd av bygningar var i 1953 193.3 mill. kr. mot 97.5 mill. kr. i 1949, dvs. ein auke på 95.8 mill. kr. svarande til 98.5 prosent. For transportmiddel, maskinar, verktøy og inventar har branntrygdeverdet auka frå 61.2 mill. kr. i 1949 til 132.0 mill. kr. i 1953 eller med 70.8 mill. kr. svarande til 125.6 prosent. Full trygdeverd av byggverk for dammar, transport og kai var i 1953 oppgjevi med 2.7 mill. kr. og verd av tomter og fossar m. v. til 2.3 mill. kr. eller saman 5.0 mill. kr. I 1949 var desse to postane oppgjevi som annan fast eigedom med 5.7 mill. kr. Det er altså ein nedgang på 0.7 mill. kr. Nokre av desse verdiane i 1953 er truleg teki med under bygningar eller transportmiddel.

Verd av innkjøpte råstoffer, brensel og driftsmiddel var i 1953 oppgjevi til 4.9 mill. kr. og verd av eigne produkter er utrekna til 13.3 mill. kr., i alt 18.2 mill. kr. mot 11.9 mill. kr. i 1949. Auken på desse to postane er altså 6.3 mill. kr. eller 53 prosent.

Tabell 54. Partskapital og realkapital ved meieria ved utgangen av 1953 og 1949 i 1000 kroner

	31/12 1953	31/12 1949
Partskapital	31 594	25 157
Branntrygdeverd av:		
Bygningar	193 342	97 514
Transportmiddel, maskinar, verktøy, reiskapar og inventar	131 979	61 151
Trygdeverd av byggverk for dammar, transport og kai ...	2 658	} 5 710
Verd av tomter, fossar m. v.	2 302	
Verd av innkjøpte råstoffer, brensel og driftsmiddel på lager	4 891	} 11 878
Lager av eigne produkter	13 342	
I alt	348 514	176 253

Samla verd av bygningar, utstyr og annan fast eigedom, innkjøpte råstoffer, brensel og driftsmiddel og lager av eigne produkter var ved utgangen av 1953 oppgjevi til 348.5 mill. kr. mot 176.3 mill. kr. ved utgangen av 1949. Realkapitalen er altså nære på dobla på desse fire åra. I tabell XVII er det gjevi tal over parts- og realkapital i dei einskilde fylka.

VI. Det maskinelle utstyret ved utgangen av 1953.

Tidlegare er det utført berre ei tolleg fullstendig gransking over det maskinelle utstyret ved meieria, og det galdt stoda ved utgangen av 1939. Resultata av granskinga vart prenta i Statistiske meddelelser 1941, nr. 3, 4 og 5. Det har fleire gonger vore drøfta å gjera ei ny gransking av dette, men ein fann det rett å venta med ny gransking til tilhøva på dette omkverve hadde vorti stødigare.

Til statistikken over det maskinelle utstyret har ein motteki skje-maer frå 264 meieri og 146 samlestasjonar. Det er soleis 5 meieri og 16 samlestasjonar som ikkje har gjevi oppgåver. Nokre av desse slutta drifta i året, og nokre sa frå at dei ikkje hadde noko utstyr å gjeva oppgåve over. Ein skal vidare opplysa at dei einskilde avdelingane til Bergensmeieriet er rekna saman med hovudmeieriet som ei oppgåve. For Trøndermeieriet og underavdelingane til det, er det rekna som ei oppgåve for kvart av Trøndelagsfylka. Det er berre ved deling av opp-gåvene etter storleiken at dette har noko å seia. I alle oppgåvene over det maskinelle utstyret er oppgåvene for dei vanlege meieria og samle-stasjonane haldne kvar for seg både i fylkestal og etter storleiks-grupper. Ved deling i storleiksgrupper har ein nytta same grunnlag som elles i meieristatistikken, nemleg direkte innvegen mjølkemengd, og ein har nytta dei same storleiksgruppene som elles. Sjå side 15 og tabell V.

Damp- og varmekraftverk, kraftmaskinar og kjøleanlegg.

I tabell XVIII er det gjevi spesifiserte oppgåver over damp- og varmekraftverk, kraftmaskinar og kjøleanlegg ved utgangen av 1953 for dei einskilde fylka og etter storleiksgrupper.

Damp- og varmekraftverk.

Ved dei 264 meieria med oppgåver var det i alt 281 høgtrykkskjelar med ei samla heiteflate på 15 861 m², 33 lågtrykkskjelar med ei samla heiteflate på 722 m² og 18 elektrokjelar med ein samla storleik på 11 017 kW. Ved dei 146 samlestasjonane med oppgåver var det i alt 31 høgtrykkskjelar med 489 m² heiteflate, 53 lågtrykkskjelar med 624 m² heiteflate og 3 elektrokjelar med ein storleik på 204 kW. Dette gir som gjennomsnittleg heiteflate for dampkjelane ved meieria 56 m² for høgtrykkskjelar og 22 m² for lågtrykkskjelar, medan gjennomsnittstala ved samlestasjonane berre blir 16 m² for høgtrykkskjelane og 11 m² for lågtrykkskjelane. Ser ein på grupperinga etter storleiksgrupper, finn ein at det berre er eitt av meieria med mindre enn 200 tonn innvegen mjølk som har lagt inn dampkjel. Oppgåvene syner elles at stor-

Tabell 55.

Talet på dampkjelar, samla heiteflate, kjeletypar og fyringsmåtar ved utgangen av 1953.

Fylker	Høgtrykkskjelar									Lågtrykkskjelar				
	Tal	Samla heiteflate m ²	Talet delt etter kjeletypar				Talet delt etter fyringsmåtar			Tal	Samla heiteflate m ²	Talet delt etter fyringsmåtar		
			Røykrøy- kjelar	Vassrøy- kjelar	Holland- kjelar	Fyrgangs- røykrøy- kjelar	Hånd- fyring	Stoker- anlegg	Olje- fyring			Hand- fyring	Stoker- anlegg	Olje- fyring
Riket i alt	312	16 336	263	14	12	23	136	34	142	86	1 346	67	1	18
<i>Ved meieri:</i>														
Østfold	9	609	8	—	—	1	2	3	4	—	—	—	—	—
Akershus	8	1 002	4	3	1	—	2	3	3	3	120	—	1	2
Hedmark	23	1 408	20	1	—	2	10	7	6	3	72	3	—	—
Oppland	39	2 526	37	1	—	1	20	7	12	—	—	—	—	—
Buskerud	11	570	9	—	1	1	5	1	5	4	73	3	—	1
Vestfold	10	450	10	—	—	—	3	2	5	—	—	—	—	—
Telemark	12	578	10	—	—	2	5	2	5	2	20	1	—	1
Aust-Agder	6	145	5	—	—	1	4	1	1	—	—	—	—	—
Vest-Agder	11	451	10	—	1	—	2	—	9	—	—	—	—	—
Rogaland	30	2 057	19	3	3	5	3	—	27	1	15	1	—	—
Hordaland	12	603	11	—	—	1	3	—	9	2	60	—	—	2
Sogn og Fjordane . .	16	665	12	1	2	1	7	—	9	4	43	3	—	1
Møre og Romsdal . .	18	1 019	13	2	—	3	2	—	16	—	—	—	—	—
Sør-Trøndelag	21	894	19	—	—	2	14	2	5	5	73	3	—	2
Nord-Trøndelag . . .	28	1 608	24	—	2	2	21	4	3	2	50	2	—	—
Nordland	16	604	12	2	1	1	4	—	12	3	98	—	—	3
Troms	11	672	10	—	1	—	1	2	8	1	22	—	—	1
Finnmark	—	—	—	—	—	—	—	—	—	3	76	1	—	2
I alt ved meieri . . .	281	15 861	233	13	12	23	108	34	139	33	722	17	1	15
<i>Ved samlestasjoner:</i>														
Østfold	4	105	4	—	—	—	4	—	—	7	91	6	—	1
Akershus	11	151	10	1	—	—	10	—	1	28	243	28	—	—
Hedmark	1	16	1	—	—	—	1	—	—	1	45	—	—	1
Oppland	3	105	3	—	—	—	2	—	1	1	60	—	—	1
Buskerud	2	41	2	—	—	—	2	—	—	7	141	7	—	—
Vestfold	—	—	—	—	—	—	—	—	—	1	20	1	—	—
Hordaland	10	57	10	—	—	—	9	—	1	8	24	8	—	—
Sogn og Fjordane . .	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
I alt ved samle- stasjoner	31	475	30	1	—	—	28	—	3	53	624	50	—	3

leiken på dampkjelane auka med storleiken både på meieria og samlestasjonane. Høgtrykkskjelane ved meieri av storleik 200—1000 tonn mjølk, har i gjennomsnitt 24 m² heiteflate, medan meieria med over 5000 tonn mjølk har dampkjarlar med gjennomsnittleg 87 m² heiteflate. Lågtrykkskjelane er gjennomgåande meir av same storleik. Bortsett frå dei to kjelane ved meieri med mindre enn 500 tonn mjølk, er den gjennomsnittlege storleiken for lågtrykkskjelane på mellom 20 og 26 m² i dei einskilde storleiksgruppene. For samlestasjonane finn ein same tendens som for meieria at dei store stasjonane har lagt inn større kjarlar enn dei små stasjonane.

I tabell 55 har ein oppgåver over talet på høgtrykkskjelane delt etter kjeletypar og fyringsmåtar og for lågtrykkskjelane delt etter fyringsmåtar i dei einskilde fylka serskild for meieri og samlestasjonar.

Ved meieria var det i alt 281 høgtrykkskjarlar med ei samla heiteflate på 15 861 m². Av desse var det 233 røykrøykjarlar med ei heiteflate på 11 047 m², 13 vassrøykjarlar med 1655 m² heiteflate, 12 Hollandkjarlar med 1252 m² heiteflate og 23 fyrgangsrøykrøykjarlar med 1907 m² heiteflate. Røykrøykjarlane hadde altså 82.9 prosent av talet på kjarlar og 69.7 prosent av samla heiteflate. Vassrøykjarlane hadde 4.6 prosent av kjeletalet og 10.4 prosent av heiteflata, Hollandkjarlane hadde 4.3 prosent av kjeletalet og 7.9 prosent av heiteflata og fyrgangsrøykrøykjarlane hadde 8.2 prosent av kjeletalet og 12.0 prosent av heiteflata. Gjennomsnittleg storleik av høgtrykkskjelane var såleis om lag 56.5 m². For røykrøykjarlane var gjennomsnittet om lag 47 m², for vassrøykjarlane 127 m², for Hollandkjarlane 104 m² og for fyrgangsrøykrøykjarlane 83 m². Av høgtrykkskjelane ved samlestasjonane var det 30 røykrøykjarlar med 448 m² heiteflate og 1 vassrøykjar med 27 m² heiteflate. Storleiken på røykrøykjarlane ved samlestasjonane var såleis i gjennomsnitt på 14.5 m² heiteflate.

Delinga etter fyringsmåtar viser for høgtrykkskjelane at handfyring vart nytta for 108 kjarlar eller 38.5 prosent av alle, stokeranlegg var det på 34 kjarlar eller 12.1 prosent, og for 139 kjarlar eller 49.4 prosent var det oljefyring. For dei 31 høgtrykkskjelane ved samlestasjonane var det nytta handfyring for 28 kjarlar, og 3 kjarlar hadde oljefyring. For lågtrykkskjelane var det ved meieria 17 kjarlar for handfyring, 1 med stokeranlegg og 15 for oljefyring. Ved samlestasjonane var det av lågtrykkskjarlar 50 for handfyring og 3 for oljefyring.

Ved fleire meieri vert det nytta ulike slag brensel. Alt etter tilhøva nyttar dei kol eller ved, ved eller olje, sagflis og olje eller kol og olje. Nokre få meieri har difor utbygd anlegget sitt for ulike fyringsmåtar. Etter dei skjema som er innkomne, har ein notert seks meieri som har kombinert hand- og stokerfyring, to som har hand- og oljefyring og

seks som har stoker- og oljefyring. Ein meiner det må vera fleire med slike kombinerte fyringsanlegg.

Ved samanlikning med oppgåva frå 1939 må ein sjå meieria og samlestasjonane under eitt, då det ikkje vart skilt mellom desse den gong. I 1939 fekk ein oppgåver frå 561 meieri i alt. Desse hadde 303 høgtrykkskjelar, 126 lågtrykkskjelar og 6 elektroskjelar. I 1953 var det i alt oppgåver frå 410 meieri i alt, og desse hadde 312 høgtrykkskjelar 86 lågtrykkskjelar og 21 elektroskjelar. Endå talet på meieri har minka med 27 prosent, har talet på høgtrykkskjelar auka med 3 prosent, og talet på elektroskjelar er meir enn tredobla. Talet på lågtrykkskjelar har gått ned med 32 prosent. Altså noko sterkare nedgang i talet på lågtrykkskjelar enn i talet på meieri.

Det føreliggjer ikkje oppgåver for kjeletypar og fyringsmåtar i 1939.

Kraftmaskinar.

Det er fleire av dei små meieria som ikkje har installert noko slag kraftmaskinar, men talet aukar sterkt med storleiken av både meieri og samlestasjonar.

I alt er det installert 9987 elektromotorar med ei samla yteevne på 31 027 kW. Av desse var 9394 motorar med 29 646 kW ved meieri og 593 motorar med 1381 kW ved samlestasjonar. Av dampmaskinar var det i alt 26 med til saman 875 eff. hk. Av desse var det 2 med til saman 8 eff. hk. ved samlestasjonar. Vidare var det installert 20 forbrenningsmotorar på i alt 850 eff. hk. Av desse var 1 på 6 eff. hk. ved samlestasjonane. Elles var det 5 vassturbinar på 62 eff. hk. og 23 elektrogeneratorar på 690 eff. hk. Ingen av dei to sistnemnde typane av kraftmaskinar var installert ved samlestasjonane.

Gjennomsnittstorleiken av elektromotorane i det heile er dryge 3.1 kW. Etter tala for dei einskilte storleiksgruppene ligg gjennomsnittet for motorstorleiken vanleg mellom 1.8 og 2.5 kW for alle meieri med inntil 5000 tonn mjølk. For dei større meieria er storleiken av elektromotorane på om lag 4 kW i gjennomsnitt. Det er ingen skilnad mellom meieri og samlestasjonar på dette område.

Av dampmaskinar er det i alt installert 26 med 875 eff. hk. Gjennomsnittstorleiken blir altså om lag 34 eff. hk. Gruppering etter storleiken av meieria viser at dei store meieria har installert mykje større dampmaskinar enn dei små meieria.

Av forbrenningsmotorar er det installert 20 med i alt 850 eff. hk. Storleiken av desse er altså i gjennomsnitt 42.5 eff. hk. Grupperinga etter storleiken av meieria viser for forbrenningsmotorane som for

dampmaskinane at dei store meieria har installert større maskinar enn dei små meieria. Av forbrenningsmotorane er to installert i Hedmark og tre i Oppland. Dei andre finn ein i fylka frå Rogaland til Nordland.

Av vassturbinar er det no installert berre 5 med i alt 62 eff. hk. Desse høyrer til i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Av elektrogeneratorar er det i alt installert 23 med 690 eff. hk. Gjennomsnittstorleiken er altså på 30 eff. hk. Bortsett frå eitt fall, er alle elektrogeneratorar i bruk ved meieri med meir enn 1000 tonn mjølk.

Ei samanlikning med oppgåva frå 1939 viser at det har vori store endringar i bruk av kraftmaskinar ved meieria sidan den gongen. Medan det i 1939 var installert 3576 elektromotorar, var det i 1953 i alt 9987. Gjennomsnittstorleiken på motorane har vorti mindre. Han var i 1939 4.8 kW mot 3.1 i 1953. Av dei andre kraftmaskinane har det vorti færre i 1953 enn i 1939. Av dampmaskinar var det 118 i 1939 mot berre 26 i 1953. Talet på forbrenningsmotorar har gått ned frå 24 til 20, og talet på vassturbinar har gått ned frå 15 til 5.

Detaljerte tal finn ein i tabell XVIII.

Kjøleanlegg.

Oppgåvene i tabell XVIII viser at det sjeldan er installert kjøleanlegg ved meieri med mindre enn 500 tonn mjølk og ved samlestasjonar med mindre enn 200 tonn mjølk. Ved alle fylgjande oppgåver over yteevna i kcal/h er denne rekna ved $\div 10^{\circ}/+ 25^{\circ}$.

I 1953 var talet på kompressorar med lakekjøling i alt 179 med samla yteevne av 6 522 050 kcal/h. Av desse var 144 kompressorar med ei yteevne av 5 955 100 kcal/h ved meieria og 35 kompressorar med 566 950 kcal/h ved samlestasjonane. Storleiken på kompressorane med lakekjøling var altså i gjennomsnitt ved meieria om lag 41 500 kcal/h mot om lag 16 200 kcal/h ved samlestasjonane. Grupperinga etter storleiken av meieria viser at dei store meieria har mykje større kompressorar enn dei små meieria.

Med isvatnkjøling var det i alt 181 kompressorar med ei samla yteevne av 3 935 000 kcal/h. Av desse var det ved meieria 131 kompressorar med ei yteevne av 3 433 800 kcal/h og ved samlestasjonane 50 kompressorar med ei yteevne av 501 200 kcal/h. Storleiken av kompressorar med isvatnkjøling var altså ved meieria om lag 26 200 kcal/h og ved samlestasjonane 10 000 kcal/h. Kompressorar med lakekjøling var altså gjennomgåande mykje større enn kompressorar med isvatnkjøling.

For kjøleanlegga med direkte fordampingskjølar, med direkte fordampingsfrysar og for frostboksenlegg har ein i tabell XVIII berre teki med talet på kompressorar og ikkje yteevna i kcal/h av di at mange

Tabell 56. Talet på kompressorar ved utgangen av 1953 ved dei ulike kjøleanlegga gruppert etter yteevne i kcal/h ($\div 10/+25$).

Fylker	Med lakekjøling				Med isvatnkjøling				Med dir. fordampn.kjølar				Med dir. fordampn.frysar				Frostboksanlegg			
	Under 10000	10000-25000	25000-50000	50000 og meir	Under 10000	10000-25000	25000-50000	50000 og meir	Under 10000	10000-25000	25000-50000	50000 og meir	Under 10000	10000-25000	25000-50000	50000 og meir	Under 10000	10000-25000	25000-50000	50000 og meir
Riket i alt	23	78	48	30	63	66	32	20	148	83	9	3	34	11	2	1	62	20	3	—
<i>Ved meieri:</i>																				
Østfold	1	1	2	7	—	—	—	—	2	1	1	—	2	2	1	1	3	1	1	—
Akershus	1	1	4	9	—	1	1	2	4	1	2	3	—	2	—	—	3	—	1	—
Hedmark	1	1	3	3	1	—	4	2	11	8	1	—	1	1	—	—	11	3	—	—
Oppland	—	5	4	1	1	10	1	2	13	8	—	—	1	1	—	—	4	6	—	—
Buskerud	—	3	2	1	1	2	—	1	13	3	—	—	1	—	—	—	—	—	1	—
Vestfold	—	2	4	—	—	1	2	2	6	5	—	—	1	—	—	—	3	—	—	—
Telemark	—	3	2	1	2	3	—	—	9	1	—	—	1	1	—	—	8	1	—	—
Aust-Agder	—	2	1	—	3	—	1	—	1	2	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Vest-Agder	—	4	1	1	2	2	—	—	12	—	—	—	—	—	—	—	1	1	—	—
Rogaland	—	8	6	4	5	9	4	3	12	13	—	—	4	—	—	—	—	2	—	—
Hordaland	—	1	—	—	3	—	1	3	5	5	3	—	4	—	—	—	2	—	—	—
Sogn og Fjordane	—	—	—	—	1	8	2	—	3	10	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Møre og Romsdal	1	3	2	2	2	2	2	—	11	9	—	—	5	—	1	—	—	—	—	—
Sør-Trøndelag	3	8	3	—	2	6	2	3	10	1	2	—	1	—	—	—	—	—	—	—
Nord-Trøndelag	2	10	3	1	3	3	1	2	14	8	—	—	1	3	—	—	6	4	—	—
Nordland	—	7	1	—	—	7	2	—	5	3	—	—	4	1	—	—	1	—	—	—
Troms	1	6	1	—	—	1	3	—	4	2	—	—	1	—	—	—	—	—	—	—
Finnmark	—	—	—	—	2	2	—	—	2	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Ved meieri	10	65	39	30	28	57	26	20	137	80	9	3	27	11	2	1	42	18	3	—
<i>Ved samle-</i>																				
<i>stasjoner:</i>																				
Østfold	—	2	1	—	3	2	2	—	4	1	—	—	1	—	—	—	4	—	—	—
Akershus	6	8	6	—	9	—	1	—	4	—	—	—	—	—	—	—	7	—	—	—
Hedmark	—	1	—	—	—	—	1	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Oppland	—	—	1	—	—	1	2	—	—	2	—	—	1	—	—	—	2	2	—	—
Buskerud	5	2	1	—	1	2	—	—	—	—	—	—	1	—	—	—	6	—	—	—
Vestfold	—	—	—	—	—	1	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Hordaland	2	—	—	—	21	3	—	—	3	—	—	—	4	—	—	—	1	—	—	—
Sogn og Fjordane	—	—	—	—	1	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—	—
Ved samle-																				
<i>stasjoner</i>	13	13	9	—	35	9	6	—	11	3	—	—	7	—	—	—	20	2	—	—

av desse anlegga arbeider med andre temperaturar enn det som er brukt i skjemaet. Oppgåvene over yteevna kan difor vera usikre. I tabell 56 har ein likevel sett opp ei gruppering av kompressorane etter yteevne i kcal/h ($\div 10^\circ / + 25^\circ$).

Av kjøleanlegg med direkte fordampningskjølar har ein 229 kompressorar ved meieria med ei oppgjevi yteevne på 2 034 560 kcal/h og ved samlestationane 14 kompressorar på 84 800 kcal/h i yteevne. I alt 243 kompressorar med direkte fordampningskjølar og ei samla yteevne på 2 119 360 kcal/h. Storleiken av kompressorane er såleis om lag 8700 kcal/h i gjennomsnitt. Kompressorane ved meieria er noko større enn ved samlestationane med eit gjennomsnitt på om lag 8900 kcal/h mot om lag 6100 ved desse siste.

Storleiken av kompressorane ved direkte fordampningskjølar auka noko med storleiken av meieria. Ved meieri med 500—1000 tonn mjølk er såleis storleiken og kompressorane i gjennomsnitt på 2500 kcal/h og auka til noko over 12 000 kcal/h ved dei største meieria.

Av anlegg med direkte fordampningsfrysarar har ein i alt 48 kompressorar med ei samla yteevne på 446 600 kcal/h. Storleiken er altså i gjennomsnitt på om lag 9300 kcal/h. Ved meieria er det 41 kompressorar med 426 100 kcal/h og ved samlestationane 7 med 20 500 kcal/h.

Av frostboksanlegg har ein i alt 85 kompressorar med ei samla yteevne på 645 070 kcal/h. Av desse er 63 på i alt 538 270 kcal/h ved meieri og 22 på i alt 106 800 kcal/h ved samlestationar.

Av is er det i alt oppgjevi 4043 tonn. Av det er 2144 tonn nytta ved meieri, og storparten — i alt 1900 tonn — er nytta ved meieri i Nord-Trøndelag. Elles er det brukt litt is ved meieria i Østfold, Akershus, Hedmark, Oppland og Sogn og Fjordane. Ved samlestationane er det i alt nytta 1899 tonn is. Samlestationane i Hordaland brukar storparten av dette eller i alt 1108 tonn is. Elles nyttar samlestationane i Akershus 291 tonn is, i Buskerud 350 tonn is og i Sogn og Fjordane 150 tonn is.

I oppgåva frå 1939 fekk ein oppgåve berre over talet på kjølemaskinar og kor mange meieri som nytta iskjøling. Ein kan difor ikkje få nokon samanlikning av oppgåvene for 1939 og 1953. I 1939 var det i alt 299 kjølemaskinar. I 1953 var det utanom frostboksanlegga som mesta tenar føremål utanom meieridrifta, i alt oppgjevi 651 kompressorar for ulike slag kjøleanlegg. I 1939 nytta 124 meieri iskjøling og hadde eit samla forbruk av 28 059 m³ is eller om lag 26 000 tonn. I 1953 vart det i alt nytta 4043 tonn is ved meieria. Mengda av is nytta i 1953 var såleis berre mellom ein sjettedpart og ein sjuandepart av mengda i 1939.

Transportmiddel og forbruk av bensin, brensel og elektrisitet.

I oppgåvene over transportmiddel ved utgangen av 1953 kan ein skilja mellom dei transportmiddel som mest tener transporten til og frå meieriet, den ytre transport og transporten innan meieriet. For den ytre transport har ein oppgåver over talet på laste- og tankbilar og nyttelasta på dei og talet på hestar. For den indre transport har ein oppgåver over lengd i meter for kjedetransportørar og rullebanar. I tabell XIX har ein tal for transportmiddel og brensel gruppert etter fylka og storleiken av meieria.

Av lastebilar har ein i alt 626 med ei nyttelast av i alt 2156 tonn. Nyttelasta er altså i gjennomsnitt om lag 3.5 tonn. Ved meieria er det 608 lastebilar med ei nyttelast på 2093 tonn og ved samlestasjonane 18 lastebilar med ei nyttelast på 63 tonn.

Av tankbilar er det i alt 19 med ei samla nyttelast på 99 tonn. Nyttelasta pr. tankbil er altså noko over 5 tonn. Tankbilar har ein berre ved meieri eller samlestasjonar med meir enn 2000 tonn mjølk. Med eitt unnatak høyrar alle tankbilar til i distrikta rundt Oslo og Bergen.

Av hestar har ein i alt 36. Av dei finn ein 34 i Oslo.

Samanlikna med oppgåva frå 1939 finn ein at talet på lastebilar har auka frå 286 i 1939 til 626 i 1953, og talet på tankbilar har auka frå 7 i 1939 til 19 i 1953. Talet på hestar har gått ned frå 99 i 1939 til 36 i 1953. I 1939 hadde ein ikkje med oppgåver over lasteevna på laste- og tankbilane.

Lengda av kjedetransportørar er oppgjevi til 4096 meter og for rullebanar til 1962 meter. Med eit einskild unnatak har ein transportørar berre ved meieri og samlestasjonar med meir enn 1000 tonn mjølk.

Forbruket av bensin i 1953 er i alt oppgjevi til 3 098 879 liter for kr. 2 877 987. Dessutan er det brukt 89 751 liter dieselolje for kr. 32 115. Av forbruket av bensin fell 185 015 liter for kr. 173 379 på samlestasjonane. Mengda elles av bensin og all dieselolje fell på meierigruppa.

I oppgåvene over brensel nytta i 1953 i tabell XIX, har ein berre teki med mengdetal for kol, koks og sinders, fyringsolje og ved. Verdet av nytta brensel har ein teki med i tabell 57. Utanom dei nemnde brenselslaga har ein og oppgåver for brenntorv og flis (sagflis, -mugg, -spon).

Brenntorv er nytta berre ved 4 meieri med i alt 105 m³.

Under arbeid med å utnytta småvirke frå skogen og sagbruksavfall er det sume stader sett i gang forsøk med å nytta flis til fyring ved meieria. Etter oppgåva for 1953 er det 17 meieri som har brukt flis til fyring. Av dei er det 5 meieri i Hedmark, Oppland og Buskerud og 12

Tabell 57. Mengd og verdi av dei ulike brenselslaga brukt i 1953.

Brenselslag	Mengd	Verd i kroner
Kol	Tonn	14 637
Koks og sinders	»	197
Fyringsolje	1 000 l	19 402
Ved	favnar	
	à 2,4 m ³	27 852
Brenntorv	m ³	105
Flis	m ³	41 429
Verd i alt kroner	—	8 042 159

i Sør- og Nord-Trøndelag. I alt er det nytta 41 429 m³ (laust mål) til ein kostnad av kr. 112 961.

Samanlikning mellom 1939 og 1953 for oppgåvene over brensel viser at mengda av kol har gått ned frå 33 985 tonn i 1939 til 14 637 tonn i 1953. For koks og sinders har mengda gått ned frå 1479 tonn i 1939 til 197 tonn i 1953. For ved har forbruket auka frå 25 023 favnar (à 2.4 m³) i 1939 til 27 859 favnar i 1953. For brenntorv har forbruket minka frå 2696 m³ i 1939 til 105 m³ i 1953. For fyringsolje har forbruket auka frå om lag 92 000 liter i 1939 til 19 402 000 liter i 1953. Samla verd av brensel var i 1939 oppgjevi til kr. 1 841 502¹ mot kr. 8 042 159 i 1953. Verd av brensel var altså godt og vel 4 gonger så mykje i 1953 som i 1939.

Av elektrisitet var det i 1953 leigd i alt 42 355 000 kWh og dessutan var det av kraft frå eige verk nytta 315 000 kWh. Utgiftene til elektrisk kraft har ein ikkje innhenta oppgåver over. For 1939 har ein ikkje oppgåve over forbruket av elektrisitet i kilowattimar, men meieria hadde det året abonnement på 636 kW som vart nytta til koking og oppvarming.

Talet på meierimaskinar ved utgangen av 1939.

I tabell XX er det sett opp detaljerte oppgåver for alle meierimaskinar som er medteki, delte etter fylka og storleiken, serskilt for meieri og samlestasjonar. Rekkjefylgja for maskinane er sett opp etter den naturlege gonge av mjølka i produksjonsprosessen. I teksta nemner ein berre nokre av dei detaljane som ikkje kjem fram utan vidare i tabelloppgåva og samanlikning med oppgåva frå 1939. For dei detaljane som ikkje er nemnde i teksta skal ein visa til tabellen.

Av invegingsveker var det 377 av vanleg type og 82 av bismartype. Det er relativt flest bismarveker ved dei små meieria, og særleg skil samlestasjonane i Hordaland seg ut ved at det her er 50 prosent fleire

¹ Verd av nytta fyringsolje kjem i tillegg.

bismarveker enn veker av vanleg type. I 1939 var det i alt 521 innvegingsveker, og av dei var 185 automatiske.

Spannvaskemaskinar var installert berre ved meieri med meir enn 1000 tonn mjølk. I alt var det 82 slike maskinar med ein samla kapasitet av 41 900 spann i timen. Altså ein medels kapasitet på om lag 500 spann pr. time. I 1939 var det i alt 32 spannvaskemaskinar.

Av automatiske utvegingsveker var det 47 og av utmålingsapparat var det 293. I 1939 var det 101 automatiske og 145 andre utvegingsapparat. Utmålingsapparat var ikkje med i statistikken for 1939. Dei var svært sjeldan den gong, så berre nokre få var i bruk.

Av mjølketankar er det i alt installert 793 med ein samla kapasitet på 3.84 mill. liter; i medeltal altså ein storleik på om lag 4800 liter. Mjølketankar har ein berre ved meieri med meir enn 200 tonn mjølk. Storleiken skifta svært mykje, og mest etter storleiken av meieria. I 1939 var ikkje mjølketankar med i statistikken.

Av kjelforvarmarar er det no berre att 24 med ein samla kapasitet på 36 200 liter. I 1939 var det installert 153 kjelforvarmarar. Oppgåve over kapasiteten var ikkje med i 1939.

Av separatorar var det i alt 441 med ein samla kapasitet på om lag 1.61 mill. liter i timen. Storleiken av separatorane skifta frå 50 til 5000 liter i timen, og sjølv sagt har dei store meieria dei største separatorane.

Av pasteurar er det 385 platepasteurar med ein kapasitet på 1 767 000 liter i timen, av kjelpasteurar 66 med 61 900 liter i timen og av andre pasteurar 50 med 62 750 liter i timen i kapasitet. Kapasiteten pr. time er altså i medeltal om lag 4600 liter for platepasteurane, knapt 1000 liter for kjelpasteurane og om lag 1250 liter for dei andre pasteurane. I 1939 var det 236 platepasteurar, 224 kjelpasteurar og 57 andre pasteurar. Kjelpasteurane har såleis mesta vorte utskifta. Samla kapasitet på pasteurane har truleg auka mykje frå 1939 til 1953. Den relative auken i talet på platepasteurar og skilnaden i storleik mellom desse og andre pasteurar tyder på det, men då ein ikkje har oppgåver over kapasiteten i 1939, kan ein ikkje seia det heilt visst.

Av opne kjølarar var det installert 91 for mjølk og 245 for fløyte mot 216 mjølkekjølarar og 321 fløytekjølarar i 1939. Nedgangen i talet på opne kjølarar må ein sjå i samanheng med den sterke auken for kjøleanlegga som er nemnt i ein tidlegare bolk.

Av pumper for mjølk var det i alt 678 med ein samla kapasitet på 4.00 mill. liter i timen, for fløyte 163 med ein kapasitet på 0.53 mill. liter og for myse 207 med ein kapasitet på 1.92 mill. liter. I medeltal pr. time blir såleis kapasiteten om lag 5900 liter for mjølkepumper, 3300 liter for fløytepumper og 9300 liter for mysepumper. Storleiken på pumpene auka jamt med storleiken på meieria, men er gjennomgåande

noko mindre ved samlestasjonar enn ved meieri av same storleik. Samlestasjonane har i alt berre 5 pumper for fløyte og inga pumper for myse. For 1939 har ein ikkje med talet for pumper for mjølk, fløyte og myse.

Av kinneeltarar var det i 1953 i alt 281 mot 309 i 1939. Ei gruppering av talet på kinneeltarar etter kapasitet er sett opp i tabell 58, som viser at talet på kinneeltarar på mindre enn 2000 liter har minka sterkt frå 1939 til 1953, medan talet på dei større har auka tilsvarande. Det er berre fire samlestasjonar som har installert kinneeltar.

Tabell 58. Talet på kinneeltarar ved utgangen av 1939 og 1953 gruppert etter kapasitet.

Kapasitet i liter	1939	1953
Under 500	47	8
500—1 000	85	32
1 000—2 000	108	79
2 000—3 500	32	109
3 500—5 000	28	36
5 000 og meir	9	17
I alt	309	281

Av syringsskar og syringstankar var det i 1953 i alt 343. Ein har ikkje kunna dela alle oppgåvene mellom syringsskar og syringstankar. Av dei 343 er det såleis 185 som ikkje er spesifisert, og av resten var det 121 syringsskar og 37 syringstankar. Gruppering etter storleiken av meieria viser at dei store meieria med meir enn 2000 tonn mjølk har etter måten fleire syringstankar enn dei mindre meieria. Samlestasjonane har berre to syringsskar og ingen syringstank.

Av syrepasteurar var det i 1953 i alt 78 og av syrekokarar 152. Syrepasteurar er installert berre ved meieri med meir enn 1000 tonn mjølk. Dei store meieria har etter måten fleire syrepasteurar enn dei små meieria har. Meieri med meir enn 5000 tonn mjølk har såleis 48 syrepasteurar mot 23 syrekokarar, medan meieri med 2000—5000 tonn har 24 syrepasteurar mot 61 syrekokarar. I 1939 hadde ein ikkje med spørsmål om syringsskar, syringstankar, syrepasteurar eller syrekokarar.

Av smørformemaskinar var det i alt 99 med ein kapasitet på om lag 280 kg i timen i medeltal. Oppgåvene over kapasiteten skil elles så vidt mykje at dei synast å vera noko usikre. Smørformemaskinar har ein ikkje ved meieri med mindre enn 500 tonn mjølk.

Av smørpakkemaskinar er det i alt 22 med ein samla kapasitet av 23 200 kg i timen. Det er berre meieri med meir enn 5000 tonn mjølk som har smørpakkemaskinar. Kapasiteten på dei fleste smørpakkemaskinane er frå 500 til 900 kg pr. time. Så er det nokre få med ein

kapasitet på 2000 kg pr. time og ein einskild maskin med kapasiteten 2400 kg.

Av termostatar var det i 1953 i alt 232 og av dei berre 3 ved samle-stasjonar. Termostatar fins berre ved meieri med meir enn 500 tonn mjølk. I 1939 hadde ein ikkje med oppgåver over termostatar.

Av smørveker (ikkje laboratorie- og butikkveker) var det i 1953 212 med ein samla kapasitet på 17 700 kg. Den vanlegaste storleik på smørvektene er 50 og 100 kg, men det er og mange på 60 og 75 kg. Storleik på meir enn 100 kg har ein på om lag 10 prosent av alle smørveker, og dei fleste av desse er på 150 kg.

Av osteveker var det i 1953 221 med ein samla kapasitet på 28 850 kg. Av desse var det 9 veker ved samle-stasjonar. Den vanlegaste storleik på ostevektene er på 100 og 150 kg. Om lag fjerdeparten hadde ein storleik på under 100 kg, og om lag 10 prosent var på 250 kg og meir.

I 1939 hadde ein ikkje med oppgåver over smør- og osteveker.

Oppgåvene over ystekar er delte på mekaniske og ikkje mekaniske ystekar. Siste gruppa har ein vidare delt i firkanta og runde kar. Med eitt unnatak er det berre ved meieri det fins ystekar. Av mekaniske ystekar er det i alt 251 med ein samla storleik på 935 600 liter. Storleiken er altså i medeltal om lag 3700 liter. Den vanlegaste storleik av mekaniske ystekar er på 4000 liter og 3500 liter, men det er og nokre få mindre. Som reine unnatak er det nokre mekaniske ystekar på mindre enn 3000 liter, og det fins og nokre få på 4500 liter.

Av ikkje mekaniske ystekar er 69 firkanta, med ein samla storleik på 115 800 liter og 25 runde med ein samla kapasitet på 19 200 liter. Storleiken av dei firkanta ystekar er altså i medeltal om lag 1700 liter og av dei runde i medeltal om lag 800 liter. Den vanlegaste storleiken på firkanta ikkje mekaniske ystekar er på 1500 og 2000 liter. Av desse kara er det nokre få på 2500 og 3000 liter og nokre få heilt ned til 500 liter. For runde, ikkje mekaniske ystekar er den vanlegaste storleik frå 600 til 1000 liter, men er i einskilde fall opp til 1500 og ned til 200 liter.

I 1939 var det i alt 258 mekaniske ystekar, av dei ikkje mekaniske var det 189 firkanta og 64 runde ystekar. Oppgåve over storleik var ikke med i 1939. Samanlikna med tala for 1953 er det såleis om lag same tal for mekaniske ystekar begge åra, medan talet for ikkje mekaniske ystekar har minka sterkt for baae slaga, for dei firkanta såleis frå 189 i 1939 til 69 i 1953 og for dei runde frå 64 i 1939 til 25 i 1953. Ved samanlikninga må ein vera merksam på at talet på meieri utanom samle-stasjonane har gått ned med om lag 100 frå 1939 til 1953.

Av reint tekniske grunnar har ein skild mellom runde og ovale kaseinkar. Av dei runde kaseinkar var det i 1953 44 med ein samla storleik på 73 000 liter og av dei ovale 58 med ein storleik på 131 600 liter. Stor-

